

LNK AVISA

POST@LNK.NO NR 1 • 2009 • ÅRGANG 8 WWW.LNK.NO

Oplev litteratur langs rv. 13

Diktarvegen skal gi dei reisande ei oppleving av fem forfattarar som levde langs rv. 13. I april vert det oppstartkonferanse i Ulvik.

S. 3

E-kommune

Alle norske kommunar bør kunne ha eit seksstjerners internettilbod innan 2010, meiner Kommunenes sentralforbund (KS).

S.5

Kontrollerer språket

Mållova skal sikre nynorsk og bokmål som to likeverdige språk i den offentlege kvardagen. Men kva inneber lova?

S. 8-9

Utvida område



På Holmlia i Oslo bruker lærarane nynorsk i andre fag enn norsk.

• Sjå s.15

Ein fargerik draum



Ho vil gjerne bidra til at barn og unge vert drøymande skaparar. Sjølv har Marny Skeie Henkel (57) funne drøymejobben i Rasmus Løland sitt rike og nyt hybellivet i Ryfylke.

• Sjå s.12-13



Foto: Astrid Eiddhammer Hjelmland

Kommune i endring

Det siste tiåret har kommune- og fylkesgrensene til Vindafjord kommune vore i endring. Ordførar Arne Bergsvåg (Sp) meiner kommunen har kome styrka ut av koalisjonen, der Vindafjord inngjekk ekteskap med tidlegare

Ølen kommune. I dag har Vindafjord kommune eit variert næringsliv og fødselsauke.

• Sjå s. 16-18



TRADISJON OG MODERNE KOMFORT – HAND I HAND!

Hotell Hordaheimen framstår som ny, større og endå betre! Vi gjev alle medlemmer av LNK og deira tilsette spesialprisar på overnatting både helg og vekedagar.

| | | |
|------------------|------------------|-------------|
| | Vekedagar | Helg |
| Enkeltrom | kr 695,- | kr 595,- |
| Dobbelrom | kr 895,- | kr 795,- |

Sei du representerer ein LNK-kommune når du tingar rom. Herleg frukostbuffet er inkludert.

HOTELL  HORDAHEIMEN

Best Western

Tlf: 55 33 50 00 / e-post: booking@hordaheimen.no

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk kommunar

Redaktør
Toyni Tobekk

Sørgjeleg for e-kommunane

Fjorårets kvalitetsvurdering av offentlege norske nettstader, Kvalitet 2008, syner at kommunane framleis strevar med å ta internettborgarane sine på alvor. Direktoratet for forvaltning og ikt (DIFI) har vurdert heimesidene ut frå tilgjengelegheit, brukartilpassing og kor nyttig innhaldet er, og deler ut stjerner frå ein til seks, der seks er det beste. Kvalitet 2008 har kome fram til at 12 kommunar har så dårlige nettsider at dei berre fortener 1 stjerne. 73 kommunar får to stjerner. Til saman utgjer desse nesten 20 prosent av kommunane våre.

Etne kommune hamna denne gongen på desidert jumboplass, med 14 av hundre mulege poeng. Nettstaden deira har ikkje lagt til rette for tovegs kommunikasjon eller digital brukarmedverknad, der finst ikkje søkjefelt, ingen mulegheit for utskrift og teksten er ikkje på andre språk enn norsk. Mellom mykje anna.

Etne kommune skal ha ros for at dei ikkje legg skjul på korleis stoda er. På heimesidene går dei oppe ut og fortel om det dårlege resultatet. Samstundes seier dei at kommunen no er i gang med å finne betre nettløysingar for borgarane sine.

Det er ikkje ein dag for tidleg, verken for Etne eller dei andre 84 kommunane som skåra så dårleg.

Norske samfunnsborgarar lever livet på Internett, og det er eit offentleg ønske at vi skal halde oss der. Vi skal søkje om barnehageplass og byggjeløyve på nett, vi skal finne fram i organisasjonen på nett, og ordføraren din vil gjerne høyre frå deg på e-post.

Kommunenes sentralforbund (KS) vedtok i 2005 ein strategiplan for å gjere norske kommunar til gode eKommunar. Denne strategiplanen, eKommune 2009, har ein visjon om at kommunane skal "aktivt utnytte moderne IKT til å skape tilgjengelig og effektiv forvaltning og gode tjenester til innbyggjere og næringsliv". Planen er vidareført til 2012. Nett no kan det verke som ein svært ambisjøs visjon.

Kommunar som vil gi inntrykk av at dei tar borgarane sine på alvor og ønskjer å gjere dei det beste mulege tenestetilbodet, anten dei stør seg på eKommune-visjonen eller ikkje, har ein jobb å gjere. Rett nok er det 16 kommunar som ifølgje kvalitetsvurderinga gir innbyggjarane sine eit seksstjerners internetttilbod. Men det er strengt tatt ikkje særleg mange, ikkje i 2008. Internett er ikkje noka nyvinning, heller ikkje i kommune-noreg.

| | |
|---|---|
| <p>Utgjevar: Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK)</p> <p>Redaksjon: Einar Schibevaag Ingrid Hillestad Judith Sørhus Littlehamar Astrid Eidhammer Hjelmealand</p> <p>Faste spaltistar: Jan Olav Fretland Vidar Høviskeland</p> <p>Korrekturlesar: Ola Hauge</p> <p>Adresse til redaksjonen: LNK-Avisa Næringsbedet i Vatlandsvåg 4235 Hehnes</p> <p>Telefon 52 79 04 80 Telefaks 52 79 04 81 E-postadresse: bladstova@lnk.no</p> <p>Montering: Norsk Plan A/S - Astrid Eidhammer Hjelmealand</p> <p>Trykk: Sunnhordland Opplag omlag 6000</p> | <p>Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og kan tingast hjå</p> <p>LNK, Hf. 22 33 14 00, LNK-Avisa, Hf. 52 79 04 80, eller bladstova@lnk.no Pris kr 150 per år.</p> <p>Utgjevingssplan 2009 3/4, 5/6</p> <p>Annonseprisar: 1/1 side kr 17 000,- (253x360 mm) 1/2 side kr 10 000,- (253x175 mm eller 124 x 360 mm) 1/4 side kr 6 500,- (128x175 mm eller 57x360 mm) 20 kroner per millimeter.</p> <p>Prisane gjeld ferdig materiell. Tillegg for farge.</p> <p>Annonser blir å levera som pdf-fil til: astrid@norsk-plan.no</p> |
|---|---|



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

NEI TIL NORMERING

Det har lenge blitt hevda at import av engelske ord og vendingar er eit trugsmål mot norsk språk. Isendingane har teke denne frykta på alvor. Dei lagar nye islandske ord for nye fenomen etter kvart som dei dukkar opp, og held på det viset det genuine islandske språket i hevd.

Men er det slik at språk står i fare for å døyd dersom det tek inn for mange lånord? Norrønt døydde ut, men det skjedde ikkje fordi det tok inn ord frå andre språk. Det skjedde fordi dei få skriverekunne embetsmennene var lette å byte ut med utlendingar under skiftande regime frå slutten av 1200-talet, og fordi svartedauden eit halvt hundreår seinare tok knekken på dei fleste skriftlærde. Desse vilkåra gav grobotn for ei femhundreårsnatt med dansk i Noreg.

Vi har til alle tider importert ord frå engelsk, men engelsk har ikkje vore åleine om eksportere ord til norsk. Latin står for den største eksportøren saman med arabisk og gresk. Andre bidrag kjem frå engelsk, tysk, fransk, italiensk, dansk, nederlandsk, svensk, spansk og portugisisk.

Det er liten tvil om at importord har gjort og gjer det norske språket rikare. Import av ord frå andre språk trugar ikkje det norske språket på nokon måte. Det er snarare tre andre faktorar som utgjer dei verkelege trugsmåla mot det norske språket.

For det første er det avstumpede språket i e-postar og tekstmeldingar eit trugsmål. Forkortingar, teikn og symbol er blitt regelen, ikkje unntaket. Språket har eit sterkt munnleg preg, noko brukarane truleg trur er lettare å forstå. Dei formelle skrivereglane blir neglisjerte og ord som er lite brukte – ord som nyanserer og skaper bilete – dett ut av språket.

For det andre har ei aukande urbanisering ført til at fleire skriv og snakkar likt. Særtrekk i ord og seimåtar frå målføra

forsvinn. Unge menneske har i dag svært manglande kunnskap om idiom, nyansane er få, og gode metaforer er mangelvare. Resultatet er eit fantasilaust og stivbeint språk, der ord som hemmelegheit og verkelegheit blir foretrekt framfor løyndom og røyndom.

Normering er våpendragaren til språkleg likesæle og impotens

For det tredje finst det sterke krefter både i språkrådet og i målørsla som meiner at normering av skriftspråket er vegen å gå. Ein slik språkpolitikk er kanskje rett om du vil kaste speðbarnet ut med badevatnet, for normering vil suge vitaliteten ut av språket. Det ligg i sjølve ordet kva resultatet vil bli. Normering er våpendragaren til språkleg likesæle og impotens, krigaren som berre vil ha minste motstands veg.

Vi må yte motstand om vi vil styrke det norske språket. Godt språk krev motstand. Vi må slutte å bruke energi på falske trugsmål, som import av utanlandske ord. Norskfaget må styrkast kvalitativt på alle alderssteg, med vekt på skrivetrening, sjangermedvit og språkleg variasjon. Til sist må normeringstanken leggjast på hylla. I staden bør det veljast ein strategi som oppmuntrar til språkleg variasjon og rikdom.

KRONIKKFORFATTAREN

Terje Lyngstad

Teatersjef ved Sogn og Fjordane teater



Rv. 13 – ei litteraturrute

Spor etter fem kjende forfattarar skal lose deg langs rv. 13 frå Sandnes til Førde. No vert det oppstartkonferanse om Diktarvegen.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Målet med prosjektet er å gjere Rv 13 om til den første litteraturruta i landet. Her skal ein kunne få oppleve dei fem forfattarane: Arne Garborg frå Jæren, Rasmus Løland frå Ryfylke, Olav H Hauge frå Hardanger, Per Sivle frå Voss og Sogn og Jakob Sande frå Sunnfjord medan ein køyrer riksvegen. Felles for desse forfattarane er at dei har sin eigen organisasjon og at det er på plass eller vert arbeidd med etablering av naturlege fysiske samlingspunkt rundt kvar av dei. Det er sett ned ei styringsgruppe for prosjektet og LNK har teke jobben med å samordne prosessen. Prosjektet har no søkt Statens senter for arkiv, bibliotek og museum (ABM – utvikling) om 450.000 kroner til å arrangere oppstartkonferansen som går av stabelen i Ulvik i april og til å etablere eit felles litteraturnettverk på nett for forfattarane. I følgje søknaden til ABM – utvikling ynskjer prosjektet å gi forfattarane hogare status gjennom spreing av kunnskap om livsverka deira, gi Rv 13 eit meir spanande innhald og ikkje minst å gi skrivande ungdom inspirasjon frå "dei gamle heltane".

SAMARBEID ER VIKTIG

- For eit literatursenter i emning er det sjølvstavgav storverdi å verta med i eitslikt



Rv 13 byr på mange opplevingar. Her frå Fosseheimen på Gaularfjellet. (Foto: Jan Nordtveit)

samarbeidsprosjekt. Det er lettare å nå ut med budskapet når ein samarbeider om tiltak. Dessutan skapar det eit større fagleg miljø, noko som er naudsynt for dei som arbeider ved små institusjonar, seier styreleiar i Haugestiftinga i Ulvik, Torunn Hovland Ljone og legg vekt på at små drypp av prosa og poesi langs vegen vil skapa interesse for, og aktivitet rundt, forfattarane. Ho meiner også desse opplevingane vil freiste fleire til å ta turné langs rv. 13, noko som igjen kan føre til oppgradering av standarden på vegen og kanskje at større delar av vegen får turistvegstatus. For prosjektet Diktarvegen handlar

om meir enn litteratur. Tre fylkeskommunar og dei 16 kommunane langs Rv 13 har etablert selskapet IS Fjordvegen som arbeider for å gi riksvegen status som ein indre stamveg. Samstundes har 16 strekningar i Noreg fått status som nasjonale turistvegar. Tre av desse er langs rv. 13. Både turistvegen og Fjordvegen er tekne med i samarbeidsprosjektet. Konkret håpar prosjektleiinga fleire tiltak kan bli sett ut i live, som til dømes: synleggjere forfattarane langs vegen, gjere dei synlege på dei seks ferjene og på rasteplassar langs ruta, samarbeide om kulturhendingar, ta i bruk lyd-delsar og GPS – navigering fram mot dei ulike tuna og husa, utvikle nett-

- Eit demokratisk framsteg

Fleire kommunar overfører no kommunestyremøta sine via web-tv. Professor Harald Baldersheim ved Universitetet i Oslo meiner dette er positivt for demokratiet.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Stord kommune er ein av mange kommunar som sender kommunestyremøta direkte på nett. Publikum kan dermed gå inn på kommunen sine nettsider og sjå direkteending frå kommunestyresalen, samstundes som tidlegare møte vert laga. Ordførar Liv Kari Eskeland (H) trur dette fører til at fleire fylgjer med i dei politiske debattane. - Me byrjar for vel eit år sidan med å sende møta på web-tv. Erfaringane me har gjort oss er at det er ganske mange som fylgjer med. Mange slår på maskinen på jobb og ser møtet der,

seier ho som også trur dette kan stimulere til meir politiske engasjement blant ungdom. - Det er begrensa med oppmøte på kommunestyremøta, så det er kjekt dersom dette kan føre til at fleire fylgjer med. Målet må vere at den politiske arenaen er så open som mogleg. Og dette må jo vere kjekt i undervisningssamanheng. Det er jo lettare å slå opp eit politisk møte på nettet enn å ta elevane med til møtet, meiner Eskeland. Samstundes viser ho til at somme representantar kan føle direkteendingane noko skremmande, og i nokre tilfelle vegre seg mot å gå på talarstolen. - Men eg trur det verkar skjerpande på politikanane, og til dømes er det lettare å rette opp feilsitering i avisene, sidan det no vert dokumentert.

Professor ved Institutt for Statsvitenskap ved Universitetet i Oslo, Harald Baldersheim, meiner overføringane over web-tv er eit demokratisk framsteg. - Me har ingen systematiske tal på dette, men vårt inntrykk er at det er stor

interesse blant innbyggjarane. Denne interessa finn ein også i kommunar som har overføringar av kommunestyremøta på lokalradio, meiner han. Han viser vidare til at kommunestyremøta tradisjonelt sett, og i dei fleste kommunar, er dårleg besøkte. Internett, derimot, opnar for at politikanane når nye målgrupper. - Ikkje minst ungdommen, det er jo dei som soleklart bruker nettet mest, slår Baldersheim fast.

Historikk

LNK-avisa har i det siste sett søkjelyset på digital utvikling i kommune-noreg. Fleire kommunar satsar no på å sende kommunestyremøta direkte via web-tv på kommunen sine nettsider. Professor ved Institutt for Statsvitenskap ved UIO, Harald Baldersheim, meiner dette er eit demokratisk framsteg, og at direkteendingane kan føre til at fleire får politisk interesse.

portalar, bøker og fysiske utstillingar.

SKAL LEGGE RAMMENE

På oppstartkonferansen i Ulvik i midten av april kjem innleiarar som kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa, Knut Vareide frå Telemarksforskning, samferdsleminister Liv Signe Navarsete, Jørn Lekve frå Sparebanken Vest, Arve Tokvam frå Nynorske Litteraturdagar og forfattar Edmund Austigard. Målet er å konkretisere innhaldet i prosjektet og rammene for det vidare arbeidet. Styringsgruppa for prosjektet vert leia av Arne Kleppa frå IS Fjordvegen. Med seg har han: dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland, dagleg leiar i Løland –markeringa, Marny Skeie Henkel, Mona H. Hellesnes frå Ulvik Herad og Margrete Reisæter frå Jakob Sande – selskapet.

Diktarvegen

- Rv. 13. Stamveg, diktarveg og turistveg. Tre sider av same sak.
- Prosjektet Diktarvegen har no søkt ABM – utvikling om midlar til ein oppstartkonferanse og til å etablere ein nettportal. Prosjektet tek mål av seg til å synleggjere fem forfattarar langs rv. 13 frå Sandnes til Førde – gjennom tre fylkeskommunar og totalt 16 kommunar.

ABC
Startsida®
- Ver nynorsk på nett

Din
naturlege
start på
internett

startsida.no



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

•
PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

•
www.lnk.no
•
info@lnk.no

•
Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

•
Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfrid Borge
Kjell G. Helland
Rune Øygard

•
Varamedlemmer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Oddvar Haugland

•
LNK arbeider for å skape positive haldningar
til nynorsk språk og kultur og for at kommu-
nane og styresmaktene tek desse sakene opp
gjennom sine planverk.

•
LNK tek på seg å vere talarøyr for medlemmene
og spreie informasjon som styrkjer dialektane,
nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane
dette står for.

•
LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Lesarbrief

Redd nynorsken!

Me må snu trenden som gjer at nynorsken stadig tapar terreng til bokmålet, også i distrikt der talemålet tradisjonelt ligg tett opp til det nynorske skriftspråket. Slik sett er det bortimot ein kulturell tragedie og eit stort identitetstap for Gransherad og Heddal, når ei «folkesrøysting» i desse bygdene ga eit stort fleirtal for at grunnskulane Gransherad og Rygi skal ha bokmål som skriftleg undervisningsspråk. Ein kan stille store spørsmål ved denne såkalla «folkesrøystinga», når det gjeld førehandsinformasjon om kven som kunne røyste og oppslutninga om røystinga. Det ligg nær å tru at ho er eit resultat av ei stille og effektiv mobilisering blant foreldre som ønskjer bokmål i skulen, og som ikkje er beviste nok på å ta konsekvensane av at dei faktisk bur i bygdar der nynorsken på grunn av dialektane der er det naturlege undervisningsspråket i skulen. Dette la kommunepolitikarane i Notodden seg tydelegvis ikkje på minnet når dei for ei tid tilbake tok endeleg avgjerd i saka, i bokmålet sitt favor.

Kva kan me så gjere med denne negative utviklinga for nynorsken sin del, og som stadig breider meir og meir om seg i Bygde-Noreg? Her er lærarane viktige ressurspersonar, som burde ha mot og kraft i seg til å vera beviste på at dei

Tor Fuglevik er ein mann med stor fagleg tyngd og lang fartstid i norske media. Fuglevik er direktør i det internasjonale mediekonsernet MTG, og tidlegare radiodirektør i NRK. Dessutan sit han i styret i styret i Språkrådet.

I januar skreiv Tor Fuglevik ein kronikk i Dagens Næringsliv som fekk mange sentrale redaktørar og aviseigarar til å setja morgonkaffien i halsen. Fuglevik var frekk nok til å peika på at dei avisene i Noreg som mest systematisk praktiserer yrkesforbod for nynorskbrukande journalistar, er dei same avisene som får mest indirekte pressestøtte gjennom ordninga med fritak for meirverdiavgift for norske aviser.

Den «vanlege» pressestøtta er på litt meir enn 300 millionar kroner i året, og vert fordelt mellom 140 aviser. Tanken er å sikra mangfald og «smale» meningsberande aviser. Ein liten, men viktig bit av pressestøtta, sikrar og at me har eit oppkome av livskraftige lokalaviser her i landet.

Samstundes får Schibstedkonsernet, som eig VG og Aftenposten, aleine meir i indirekte pressestøtte enn heile pressestøttepotten til saman. For VG utgjer dette om lag 800000 kroner – kvar dag. Fuglevik peikar på at dette avgiftsfritaket kan gjerast om til meir målretta pressestøtte «tilpasset medievirkeligheten i 2009», som han skriv. Dermed får han og sagt noko om det merkelege i at ei seriøs nettavis ikkje kvalifiserer for fritak frå meirverdiavgift, medan eit forbrukarmagasinet som t.d. Dagbladet får fritak.

faktisk er tilsette ved skular der nynorsk er og framleis skal vera undervisningsspråket, uavhengig av kva enkelte foreldre måtte meine. Vegen ut av uføret kan vera å ta høgde for denne situasjonen ved tilsetjing av lærarar, og der ein av faktorane i kompetansevurderingane er lokal forankring og kva målføre vedkomande lærar talar. At folk med fine bygdedialektar arbeider som lærarar i byane og andre bymålstalende område og stolte brukar dialektane sine der er underordna i denne samanhengen. Her har bokmålet si faste forankring utan konkurranse uansett.

Det denne saka djupast sett gjeld er nemleg noko så menneskeleg sett viktig som å ha respekt for det opphavslege, det som kultur, folkelyne og faktisk også landskap har vore med på å forme, nemleg dialektane våre. Å ta denne identitetskjensla vekk frå den oppvekstsløse slekt grensar til kulturvandalisme. Eller rettare sagt, urbanismens og samfunnsrendanens korstog mot bygdeverdiar og ressursane der. Ein av desse ressursane er dialektane, forankra i nynorsk som skriftleg uttrykksform.

Jon Ingebrigtsen, Vrødal,
lokaltolk i Venstre
(det eldste nynorskenlege partiet)

Høviske ord

Tor Fuglevik meiner det er sjølvsagt at staten skal stilla visse krav til dei avisene som mottok statsstøtte. Eitt slikt krav bør vera at dei avisene som tek mål av seg til å vera landsdekkjande, tillet sine journalistar å skriva nynorsk og aktivt arbeider for å nå ein gitt nynorskandel.

Reaksjonane kom som venta, og dei kom kjapt. Bernt Olufsen er redaktør i den største avisa i Sogn og Fjordane. Han seier det slik når Klassekampen spør om ikkje VG har eit ansvar for nynorskbrukarane: - De (lesarane) velger fritt sine medier.

Elles har innspela vore som venta. Dette er eit åtak på den redaksjonelle fridomen. Språket i ei avis er ein del av det redaksjonelle uttrykket og avisas profil. Utspellet vitnar om totalitære haldningar, osb.

Men Fuglevik seier jo ikkje noko om tvang. Han peikar berre på det sjølvsagde i at me har to likestilte språkformer i Noreg, og at det bør stillast rimelege krav til dei avisene som ønskjer å ta imot statsstøtte. Avisene skal sjølvsagt framleis få velja sin eigen språkpolitikk.

Dette er ein viktig debatt, og det var på høg tid at han vart reist. Ein grunn til at han ikkje har kome før no er nok at fleire miljø er redde for sjølve pressestøtta, som ikkje står like sterkt i alle politiske leirar. Pressestøtta er ein av dei viktigaste og mest treffsikre statlege støtteordningar me har her til lands.

Denne månaden skal Stortinget behandla språkmeldinga «Mål og mening». Ein heilskapleg norsk språk-

politikk. Eit viktig prinsipp i denne meldinga er at ho opnar for positiv særbehandling av nynorsk av di språkforma er hardt pressa. Meldinga slår rett nok fast at departementet vil vidareføra pressestøtta og momsfriftaket på aviser, men det står og å lesa at «det (er) nødvendig på ulike måtar å stimulera bruken av nynorsk, slik at denne målforma blir meir synleg også i aviser og tilhøyrande publiseringsformer.»

Journalistar er svært viktige språkformarar. Mange lesarar har avisene som si einaste språkkjelde, og kvaliteten på språket i norske aviser er ujamn, for å vera litt diplomatisk. Dei to norske språkformene har påverka kvarandre gjensidig på mange område og innafør mange sjangrar til det betre. Dersom nynorsken får sleppa til i riksdekkjande aviser, vil dette gagna avisspråket generelt og desse avisene spesielt.



Vidar Høviskeland er dagleg leiar i LNK

Nasjonalt Garborgsenter i statsbudsjettet 2009.

Nasjonalt Garborgsenter fekk ikkje løyving i statsbudsjettet for 2009. Grunnen for det er etter mitt syn at prosjektet ikkje oppfyller dei krav kulturdepartementet stiller til slike nasjonale prosjekt. Desse krava er:

1. «Bygningene skal ha høy arkitektonisk kvalitet». Søknaden som vart sendt frå Jærmuseet inneheld ikkje teikningar av bygget i det heile. Eg trur kulturdepartementet legg til grunn at det skal vera arkitektkonkurranse for slike bygg. Det som er til å undrast over er Jærmuseet sine to anlegg, Vitengarden Kvía og Vitensenteret på Sandnes, er bygde på grunnlag av arkitektkonkurranse. Kvi for vert ikkje det same lagt til grunn når det skal reist eit nasjonalt forfattersenter over ein av dei største forfatarane Norge har fostra? Eg reknar med styret i Jærmuseet har ei forklaring på det.

2. Kulturdepartementet krev at det vert gjort greie for formålet og det kulturfaglege grunnlaget for prosjektet. For å få eit best mogleg fagleg grunnlag burde det etter mitt syn vore skipa til eit fagleg råd med den beste ekspertisen på Garborg sitt liv og dikting som finst i landet. Det er også viktig å få knyta til seg god litteraturformidlingseksperise.

Tarald Oma


Må bli betre på nett

Nesten tjuve prosent av norske kommunar har nettsider som berre får ei og to stjerner i kvalitetsvurderinga Kvalitet 2008. Kommunenes sentralforbund (KS) meiner målet må vere at kommunane skal ha eit seksstjerners tilbod innan 2010.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

- Alle kommunar og fylkeskommunar bør kunne tilby elektronisk sjølvbetjening til brukarane sine og vere fullgode e-kommunar innan 2010, fortel Svein Erik Wilthil i KS.

- Det er ikkje eit mål vi kan setje på vegner av kommunane, men vi kan oppfordre alle kommunar til å gjere det. Kvalitetsvurderinga som Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) utfører kvart år måler kor gode offentlege nettstader er på brukartilpassing, tilgjengelegheit og nyttig innhald. Resultatet blir målt i form av stjerner, der ei stjerne er dårlegast og seks er best. I Kvalitet 2008 fekk 12 kommunar ei stjerne og 73 fekk to stjerner. Berre 16 kommunar fekk seks stjerner.



Tabellen syner framgangen for dei ulike stjernene frå 2007 til 2008 (Frå resultatbefet til Difi)

LOVPÅLAGT FRÅ 2011

Wilthil i KS ser at det kan verke noko urealistisk at alle kommunane skal kome opp på eit seksstjerners nivå i løpet av eit år, men meiner samsundes at det er rimeleg at brukarane skal ha så høge forventningar til kommunen sin. Snart blir det nemleg

eit krav til alle offentlege nettstader at dei skal tilfredsstillle alle kriteriana i kvalitetsvurderinga.

Ifølgje diskriminerings og tilgjengelegheitslova frå 2008 skal alle «nye IKT-løsningar som underbygger virksomhetens alminnelige funksjoner, og som er hovedløsninger rettet mot eller stillet til rådighet for allmennheten»,

Radøy i Hordaland:

Ein seksstjerners kommune

I 2007 sette dei seg som mål å bli mellom dei beste i landet på nett. I 2008 fekk dei seks stjerner for dei nye nettsidene sine.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

- Vi rykka rett opp i elitedivisjonen med ein gong, seier ein svært nøgd ordførar i Radøy kommune, Jon Askeland (Sp), om resultatet frå Kvalitet 2008. Kommunen fekk eit gjennomsnittleg resultat på 80 poeng, og vart nest best i Hordaland, berre slått av Fjell kommune.

- Vi har ambisjonar om å vere ein moderne kommune som er tilgjengeleg 24 timar i døgeret. Nettsida vår skal vere levande og sørvistorget vårt jobbar med å leggje ut stoff der kvar dag.

ARBEIDSVEKE

Det gode resultatet har ikkje kome av seg sjølv, men er eit resultat av eit målretta prosjektarbeid som kommunen sette i gong i 2007. Ein prosjektleiar vart tilsett, kommunen sette av midlar til den nye heimesida og prosjektorganisasjonen som skulle jobbe fram nye løysingar fekk ei brei samansetjing.

Ein periode var to skulelevar i arbeidsveka i sving med å oppdatere den meir grunnleggjande informasjonen



Jon Askeland (Sp) er ordførar i Radøy, ein av dei 16 kommunane i landet som har eit seksstjerners nettilbod til innbyggjarane. (Foto: Rune Rydland)

på nettsidene. Sørvistorget har heller ikkje jobben med å halde sida levande åleine. Dei har derimot ansvar for å syte for at alle etatar, også ordføraren, leverer stoff som kan publiserast. Kommunen jobbar ut frå ei målsetjing om at det er betre med mange saker med lite tekst, enn få og lange saker.

Kvalitet

Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) vurderer 700 offentlege nettstader ut frå kriteriana:

brukartilpassing
tilgjengelegheit
nyttig innhald

Norske kommunar fekk gjennomsnittleg skår på 54 prosent i fjor, noko som svarar til tre stjerner av seks mulege.

Kvalitetskriteriana og resultatata for alle kommunane er tilgjengelege på nettstaden Noreg.no/kvalitet

ABC
Startsida[®]
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege
start på
internett

www.startsida.no

ha universell utforming innan 1. juli 2011.

IKS ER LØYSINGA

- Utfordringa for mange små kommunar i Noreg er at dei ikkje har nok kompetanse og ressursar til å halde dei nettsidene dei ønskjer å tilby brukarane. For slike kommunar er interkommunal samarbeid ei god løysing, meiner Wilthil.

KS har òg eige opplegg dei tilbyr kommunar som ønskjer å bli betre på nett. Gjennom strategiplanen eKommune 2012, eit eige IKT-forum og Tenester på nett har interesseorganisasjonen tilbod som kan hjelpe kommunane å auke den digitale kompetansen sin og dra nytte av informasjon- og erfaringsutveksling.

IKKJE BERRE SVART

Wilthil meiner det ikkje er grunn til å svartmåle IKT-situasjonen fullstendig, trass i det dårlege resultatet frå Kvalitet 2008.

- Samanlikna med mange land det er naturleg å samanlikne seg med, er vi i verdstoppen når det gjeld å ta i bruk ny teknologi. Utfordringa no framover blir å hjelpe dei små kommunane og løfte dei på botnsjiktet opp på eit akseptabelt nivå.

Sagt på Lofthus

Uretten

Oljeeventyret har me mest gått klar i Hardanger, slik gjekk det ikkje med finanskrisa.

Solfriid Borge,
ordførar Ullensvang herad

Vidsynet

Den raudgrøne regjeringa har som mål at folk skal få bu der dei sjølv vil.

Magnhild M. Kleppa,
Kommunal og regionalminister

Protesten

Viss kraftlina kjem til Hardanger i luftspenn - då reiser ungdommen frå bygdene.

Synnøve Kvamme, leiar av Granvin ungdomsråd

Utviklinga

Rullepølsa og bunad er ikkje nok for å utvikla Hardanger.

Harald Opedal,
fruktbonde og lokalpatriotisk gründer Lofthus

Rotfeste

Folk flyttar ikkje til Hardanger på grunn av gode vegar, men på grunn at dei har røtene sine der

Kjetil Sørli, forskar i NIBR

Oppklaringa

Skal me følgja veglova og strandlova er det ikkje lov å bu her i fjorden.

Anved Johan Tveit,
ordførar i Eidfjord

Ressursmisbruket

Dei eldre blir ofte gløymt i utviklingsarbeidet. Dei er ein større ressurs i lokalt utviklingsarbeid enn dei yngre kjem på.

Kåre Ystones,
heimflytt pensjonist

Omsorga

Positive sjeler som "ser" og vil satsa på oss er grunnen til at eg valde å flytta heim til Hardanger.

Laila Renate Buer Storli,
musikar

Beinkrok

Forholdet til NAV gjer oss som gründerar til kjeltringar.

Helga Byrkjeland,
produsent av gjestebodsmat frå Hardanger

Verkemiddelgangfaldet

Humor inn i regionalmeldinga er kanskje det viktigaste verkemiddel for vekst i fjorden.

Endre Kleivkås,
Humorist og Noregsmeister i morellspytting

Hardangerbønder ønskjer råderett



Kommunalminister Magnhild Melteit Kleppa fekk mange innspel til distrikts- og regionalmeldinga på ope folkemøte på Lofthus i Hardanger. (Foto: Einar Schibevaag)

I Hardanger vert det etterlyst større fullmakt til å rå over lokale ressursar.

EINAR SCHIBEVAAG
einar@norsk-plan.no

På eit folkemøte i regi av kommunaldepartementet på Lofthus i januar peika fleire på at bygdenorge sit på naturressursar som kan gje vekst, men at forvaltninga ofte vert styrt frå sentralt hald.

– Ei slik forvaltning er ingen tente med dersom ein ynskjer at folk skal bu der og halda kulturlandskapet i hevd, sa fruktbonde Harald Opedal.

Meir enn 250 personar hadde funne vegen til Lofthus ein vekk januarkveld for å gje kommunalministeren råd når den raudgrøne regjeringa skal forma ut ein ny regionalpolitikk. Ein begeistra kommunalminister kunne informera at det ikkje på noko møte hadde møtt fram så mange og engasjerte menneske som her i Hardanger.

RØTER

Røtene er sterke i Hardanger, kunne Kjetil Sørli frå Norsk Institutt for by- og regionforskning (NIBR) informera dei framkomne. Om lag 40 prosent av dei som vel å flytta tilbake til Hardanger gjer det på grunn av at dei har røter til regionen. Det er ikkje betre vegar og tilbod om arbeid som er viktigast når flyttevalet blir gjort.

Sørli understreka dette med å fortelja at når dei same personane som har flytta til regionen har budd i lokalsamfunnet i 7 år er kvaliteten med staden og miljøet blant dei viktigaste

grunnane til at dei vel å halda fram som harding.

Berre 9 prosent av denne gruppa seier at dei angrar på flyttevalet. Det tyder på at når ein flyttar ut av sentrale strom er det ei gjennomtenkt og medvitne handling.

LANDBRUKET

Landbruket har vore i tilbakegang i bygde-noreg, men det spelar ei lang tidlegare i bygdene våre, men det er grunnfjellet for busetjingsmønsteret enn me er klar over. Den siste tida har mange avvikla bruka sine. Ein trend som må stogkast. Landbruket har ikkje den samme rolla som tidlegare i bygdene våre, men det er grunnfjellet for busetjingar, og i Hardanger er den langt på veg den næringa som har bygd opp merkevara, meinte fruktdyrkar Arne Lofthus.

Viss landbrukssubsidiane skal vera ein stimulans for busetjinga på Lofthus og andre bygder, er det eit paradoks at 80 prosent av overføringane går til 20 prosent av bøndene, og dei finn du ikkje mange av der.

TILLEGGSNÆRINGAR

Me brenn for å utvikla gardane og bygdene våre. Men bygdene kan ikkje berre leve av dei tradisjonelle næringane på garden, meinte Harald Opedal.

– Diverre rår me ikkje over ressursane garden sit på som kunne vore avgjerande viktig når me må kompensera for manglande økonomi i den tradisjonelle næringa.

Opedal hevda at kulturlandskapet er ein utruleg og viktig ressurs. Den ressursen har bøndene i

Hardanger forvalta på ein framifrå måte i generasjonar.

Men får me bruka han slik me sjølv ynskjer no, spurde den unge bonden og svara sjølv;

Folkevalde og byråkratiet i byane er i ferd med å gjera regionar som Hardanger til museum. Å få utvikla ressursane våre er avgjerande skal kulturlandskapet slik me kjenner det haldast ved like. Å produsera rullepølsa og visa fram bunader er ikkje nok for å utvikla Hardanger.

VINTERUTFORDRING

I Hardanger er det vinteren som er utfordringa, ikkje sommaren. Skal nye generasjonar finna bygda interessant må gode møteplassar og begeistring skapast. Derfor er det viktig at eldsjelenene går saman og finn kreative løysingar som gjer kafeen og trimstova drivverdige.

Kvifor bu i Hardanger?

- Kommunal- og regionalminister Magnhild Melteit Kleppa har invitert til tre folkemøte for å få innspel til distrikts- og regionalmeldinga som ho skal leggja fram denne varen.
- Departementet har halde møte på Nesna, Gausdal og no på Lofthus. Ein fullsett sal med i kring 300 personar i møtesalen på Hotell Ullensvang fekk presenter kulturelle og verbale innslag frå hardingane.

Det er klart at nye generasjonar ynskjer dei same tilboda som ein har i sentrale strom, sa Opedal, som sjølv har stått i bresjen for triveselskapande tiltak på Lofthus

Å HA SKOEN PÅ

Men det er ikkje lett å vera engasjert når dei som skal hjelpe gründeren drep planane. Dei passar ikkje inn i strategiane eller skjema. Å halda seg borte frå Innovasjon Noreg når ein ville skapa noko kunne i det minste ført til at dei ikkje drap idegnisten lokalt, meinte Opedal.

Og han fekk støtte frå fleire. Helga Byrkjeland frå Nøring ans peika på at mangelen på kunnskap om å starta opp ei verksemd er skremmande liten hos dei gründeren skal ha kontakt med. Ikkje minst kor mange krav og pålegg som blir stilt, uansett om bedrifta til har to eller hundre tilsette. Krava er dei same.

Det er først når ein prøver seg som næringsetablerar at ein får innsikt i kva styresmaktene krev av ein. Kvar etat kjenner berre sitt skjema og kva for kollone som skal fyllast ut, sa Byrkjeland.

STATEN STØVSUGER

Regionen har fått tilføre statlege arbeidsplassar gjennom Statens Kartverk til Kinsarvik. Men kva er det me nær. Den same staten støvsuger regionen for tilsette gjennom sentralisering av statlege etatar, hevda Sp-politikar Olav H. Opedal.

Og han ramsa opp ei rad offentlege kontor som er rasjonalisert og sentralisert. Politiet, Nav, Mattilsynet, Likningskontoret, Arbeidstilsynet osv osv. Viktige kompetansearbeidsplassar som no forsvinn frå kommunane og blir samla i sentral strom.

Viktige arbeidsplassar som kommunane våre ikkje har råd til å miste. Kor blir det av den vidare utflyttinga av arbeidsplassar, spurte Opedal.

MANGLAR SAMARBEID

Hardangerkommunane har etablert ungdomsråd i alle kommunane, og Alexander Røystrand frå Granvin ungdomsråd hadde merka seg at dei folkevalde i regionen snakka mykje om å samarbeida meir på tvers av kommunegrensene.

– Men det er mest prat og lite handling. De lyt skjerpa dykk, sa Røystrand, med klar adresse til dei mange leiande folkevalde som sat i salen.

TROLLDOM

Kommunal- og regionalminister Kleppa var komen for å lytta, ikkje for å gje svar. Ho lova ikkje mykje, men meinte det var kome mange og gode innspel som ville vise att når meldinga var klar. Ho peikte på at dei unge sitt engasjement i regionen var noko ho spesielt hadde merka seg.

Og meldinga skal bli meir konkret, kvitterte ministeren.

Men trylla kunne ho ikkje, lova ho dei framførte.

Eg forstår mange av dei problemstillingane som er kome fram om større råderett over eigen areal, bruk eller vern. Det er ein viktig debatt og eg tar med meg innspela som er kome, lova ho.



Kommentar
Einar Schibevaag

Skjerp dykk

Råderetten over eigen grunn har stått sterkt i Noreg. Kanskje storsamfunnet no driv det for langt? I uminnelege tider har hardingane forvalta kulturlandskapet sitt på ein framifrå måte. Eit resultat storsamfunnet stolt viser fram i sine kulørte skryteblad når det beste landet har skal marknadsføra Noreg som reisemål.

Når ein bonde så vil utvikla gardsdrifta si slik han i uminnelege tider har måtta gjera for å sikra ein sunn økonomi blir det nei. Paradokset blir stort når bonden blir nekta å nytta bekkene som renn forbi huset til å produsera energi mens storsamfunnet vil strekkja ei høgspeintline tvers gjennom eit av dei vakreste kulturlandskapa i Noreg.

Bonden berre prøver å spe på den vesle inntekta garden gjev slik at han kan halda fram det kulturvernarbeidet generasjonar har gjort før han på garden. Det må kanskje vera det viktigaste signalet Kleppa fekk, ho som meiner ho er distrikta sin beste og einaste garantist.

Og ungdommane understreka galskapen ved å truga med å flytta frå bygdene dersom mastene til Statnett kjem opp i landskapet. Det var ingen av dei som sa dei ville reisa om grannen fekk låna vatnet som rann framom huset til å spe på gardsinntekta.

Klartenkte ungdommar ser dei folkevalde si vantande evne til handling. – De snakkar mykje om samarbeid over heradsgrensene, men blir det noko av det? spurte ein representant frå ungdomsrådet i Granvin.

Debatten på Ullensvang hotell illustrerte og korleis mangel på samhandling slår ut i praksis. Kommunalministeren inviterte folket til å koma med innspel til regionalmeldinga. Men etter at ordførarane og sentrale folkevalde i regionen sloss om å vera best i klassen, forsvann meiningsmann frå ordskeifet totalt. Me såg det og talde – jo dei tok ordet alle som ein. Jo, alle ordførarane fekk kryss i margen og Bergens Tidene konstaterte dagen etter i oppslag sitt; – Folkemøtet vart kuppet.

Om nokre år opnar Hardangerbrua og litt seinare Jonaldstunnelen. Dette vil redusere bu- og arbeidsregionen i Hardanger monaleg. Det er i stor grad opp til regionen sjølv å nytta denne samferdselsrevolusjonen til vekst og utvikling – men då må dei læra seg å snakka saman og finna felles løysingar.

Og då må viljen til "å gjera naboene ei beina." som Hardanger forfatteren Olav H. Hauge skriv i eit av sine dikt, vere til stades.

Eit engasjerande folkemøte vart det på Lofthus i Ullensvang. Unge bønder og representantar for ungdomsråda var tydlige i sine ytringar til dei styrande.





Lakseslottet Lindum

Lakseslottet Lindum er eit historisk hus der atmosfære og god mat dannar ramma rundt moderne fasilitetar for kurs og konferansar.

Du finn oss i Suldal, hjarta i Ryfylke, om lag to timar reiseveg frå Haugesund, Kinsarvik, Seljord, Stavanger eller Stord.

www.lakseslottet.no

+47 52 79 91 61

Me gjev rabatt til medlemmer av LNK

Bryt gjerne lova igjen

Universitetet i Bergen får refs for å skrive for mykje nynorsk. Elin Folgerø Styve og Hilde Kvalvaag legg ikkje skjul på at dei er stolte over å bryte Mållova på denne måten.

INGRID HILLESTAD
bladstova@lnk.no

I Universitetet si eigenrapportering til Språkrådet kjem det fram at utdanningsstaden let nynorsk få større plass enn det Mållova tillet. I følgje tal frå Bergens Tidende brukar Universitetet heile 88 prosent nynorsk i kortare tekstmateriell og 82 prosent i lengre. Skal dei rette seg etter mållova, må dei halde seg til maksimum 75 prosent nynorsk språk i brosjyrar og anna formidlingsmateriell.

VERRE VISS DET VAR OMVENDT

Styve og Kvalvaag, som begge jobbar ved Universitetet si formidlingsavdeling, ser ikkje ut til å ta resultatet tungt.

Hadde det vore omvendt ville eg synst det var verre, seier Styve.

Ho legg til at dei sjølvsagt vil ta eit eventuelt krav frå universitetsleiinga om å stramme inn på nynorskbruken, på alvor.

Hilde Kvalvaag, som er forfatter ved sida av jobben på Universitetet, er friskare i kommentaren:



Elin Folgerø Styve (t.v.) og Hilde Kvalvaag, tilsette ved Universitetet i Bergen, smiler sjølv om dei bryt lova. (Foto: Ingrid Hillestad)

Vi har ikkje noko imot å gjere dette igjen, meiner ho, og siktar til det nyleg oppdaga lovbrøtet.

KRAV AT NYE KAN NYNORSK

Styve framhevar at ho berre kan uttale seg på vegne av det redaksjonelle stoffet ved Universitetet. I eigenrapporteringa til Språkrådet blir det lagt stor vekt på brosjyremateriell, som

hovudsakleg blir laga ved ei anna avdeling. I redaksjonsavdelinga, som mellom anna står for forskingstidskriftet Hubro og nettavisen På Høyden, seier Styve at det har blitt ein naturleg tradisjon å skrive mykje nynorsk. Ved tilsetjing av nye arbeidstakarar er det eit krav at dei kan nynorsk.

Vi passar på at Hubro annankvar gong får forside på nynorsk og bokmål. Elles kan vi ikkje vere firkanta når vi jobbar redaksjonelt, påpeikar Styve, som er redaktør for Hubro.

Det var eit medvite val for mange år sidan at vi ville overoppfylle kravet om nynorsk, held ho fram.

NATURLEG FOR UNIVERSITETET

Styve meiner vidare at det fell seg naturleg med mykje nynorsk på eit vestlandsuniversitet, sjølv om det ligg i urbane strok. Ho visste at dei ville skore høgt som nynorskbrukarar på Språkrådet sitt eigenrapporteringsskjema. At tala blei så høge, kom likevel overraskande.

Får de kommentarar på at de skriv så mykje nynorsk?

Eg har ikkje fått nokon reaksjonar. Det må i tilfelle vere maks ein i året. Det å lese og skrive nynorsk er naturleg både for oss og lesarane våre, meiner redaktøren.

Einaste minuset ho ser ved den omfattande nynorskbruken, er at folk som bruker bokmålsord ved søk på universitetet sine nettsider, kan vere uheldige og miste enkelte treff.

- Høgskular og universitet ikkje alltid dei beste

Landsdekkjande statlege organ må kvart år rapportere om målbruk. Språkrådet er snart klar med tal som viser nye håp.

INGRID HILLESTAD
bladstova@lnk.no

Sigfrid Tvytekkja, fagkoordinator i språkrådet, er i sluttfasen av ein rapport som skal vidare til departementsnivå. Ho held, litt på etterskot, på med å analysere tala frå 2007.

Eg er ikkje ferdig å analysere materialet, det er litt prematurt ennå, seier fagkoordinatoren unnskuldande.

Ho vil gjerne halde korta tett til brystet ei lita stund til. Tvytekkja peiker likevel på enkelte trekk.

ENKELTE UNNASLUNTRARAR

Ho fortel at systemet med eigenrapportering om målbruk for statlege organ har eksistert sidan 1994. Døme

på rapporteringspliktige aktørar er ulike tilsyn, som Lotteritilsynet og Mattilsynet, Meteorologisk institutt, samt høgskular og universitet. Det er eit krav at alle skjema frå slike skal finnast på begge målformer. Av 156 rapporteringspliktige statlege organ, var det i fjor 16 som unnlét å sende inn tal til Språkrådet. Av dei som har følgd plikta si med å rapportere, ser det ut til at fleire har blitt flinkare til å oppfylle språkkrava når det kjem til stoff på mindre enn ti sider, som brosjyrer og pressemateriell. Men også når det gjeld stoff på over ti sider, meiner fagkoordinatoren at tala har forbetra seg noko.

SPÅRKRÅDET GIR RÅD

Det viser seg likevel kvart år at meir enn halvparten av dei statlege organa ikkje greier å innfri krava i mållova.

Vi kan ikkje vere nøgde med slike resultat, seier Tvytekkja

Rapporteringssystemet inneheld fleire kategoriar og er tildels komplisert. Mange kan vere flinke innan

enkeltområde, medan dei sviktar på andre.

- Korleis reagerer de mot dei som ikkje oppfyller krava?

- Vi gir ei tilbakemelding der vi peikar på det som er positivt, og så gir vi nye fristar for å rette opp det som ikkje er bra. Vi kan for eksempel gi råd om korleis organet kan jobbe meir med nyhendesaker på nett.

- Korleis reagerer dei ulike aktørane på reaksjonane?

- Ein del tar det alvorleg, andre reagerer meir tilfeldig.

Tvytekkja ønskjer ikkje å henge ut enkeltorgan på verstsida, men påpeikar at det ikkje er sånn at universitet og høgskular treng vere dei beste. Det at statsorgan får skjenn for å bruke for lite bokmål, er likevel høgst uvanleg. Her deler universitetet i Bergen selskap med høgskulen i Volda og høgskulen i Sogn og Fjordane.

Lov med unntak

Mållova regulerer store deler av den offentlege kvar-dagen. Men både Stortinget og kommunane må sjølve ha kontroll med målbruken.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Statstenesta er underlagt mållova. Men det finst unntak. Både Stortinget, Riksrevisjonen, Stortingets ombodsmann for forvaltninga og andre organ for Stortinget er til liks med kommunane unntatte mållova. - Dette har ein samanheng med at Språkrådet, som fører tilsynet med mållova, er ein del av forvaltninga, og forvaltninga skal ikkje føre kontroll med Stortinget, seier rådgjevar i Språkrådet Daniel Ims. Han viser til at det ikkje finnes noko som regulerer målbruken i Stortinget, men at det er den ein-skilde saksordføraren som bestemmer om det skal nyttast nynorsk eller bokmål. Språkrådet har heller ikkje gjort noka form for kartlegging på korleis det står til med språkfor-delinga i det lovgivande organet.

KRAV PÅ 25 PROSENT

Statsorgan med heile landet som tenestekrins skal i følgje mållova syte for



Direktør i Språkrådet Sylfest Lomheim meiner mållova fungerer som eit vern for det nynorske språket. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

at rundskriv, kunngjeringar og informasjon vekslar mellom målformene, slik at ingen av dei to målformene er representerte med mindre enn 25 prosent. Skjema skal også ligge føre og vere tilgjengeleg på begge målformene. Statsorgana har også plikt til å syte for at dei tilsette innan rimeleg tid får opplæring i både bokmål og nynorsk. Språkrådet fører kontroll med desse organa og gir ut ein årleg rapport som viser utviklinga i målbruken. Rapporten for 2007 viser ei betring i forhold til krava i mållova, meiner Ims.

- Nynorskprosenten på statlege nettsider er på veg oppover. I 2007 var det også 39 av totalt 156 statlege organ som oppfylte kravet om 25 prosent nynorsk. Det er ei lita forbetring, seier Ims, som også viser til at av totalt 2 574 skjema var det berre

1 178 som var tilgjengeleg på begge målformene. I 2007 var berre på bokmål, medan det i 2007 var 128 skjema ein utelukkande fekk på nynorsk. - Det er likevel framleis mange som ikkje oppfyller krava, seier Daniel Ims. Språkrådet hadde også ei betrakteleg auke i klagesaker i 2007. Medan det i 2006 kom inn 18 klagesaker, kom det året etter inn 35.

- Det er bra. Me vil gjerne ha klagesaker, meiner Ims.

Også direktør i språkrådet Sylfest Lomheim meiner mållova blir oppfylgd enn før, men etterlyser ei klarare avgrensing av lova sine verkeområde.

MÅ SJØLV HA KONTROLL

Kommunane kan sjølve bestemme om dei er bokmål- eller nynorsk-kommunar. Dei kan også velje å vere språknøytrale. Så lenge kommunane ikkje kjem innunder mållova, må dei sjølve føre tilsyn med at kommunen bruker det språket dei skal i sin kommunikasjon og informasjon.

- Det er berre paragraf 1 i mållova som gjeld både stat, fylke og kommune, nemleg at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk, seier Daniel Ims.

Bokmål og nynorsk skal vere likeverdige og jamstelte målformer.

Landsdekkjande statsorgan skal syte for at informasjonen vekslar mellom målformene slik at ingen av dei to målformene er representert med mindre enn 25 prosent.

Tilfang med særleg tilknytning til eit geografisk avgrensa område skal vere i fleirtalsmålforma for området, og tilfang med særleg tilknytning til ein kommune skal vere i den målforma kommunen har gjort vedtak om å krevje frå statsorgan.

Skjema skal ligge føre og vere tilgjengelege på begge målformer

Private rettssubjekt kan krevje ei bestemt målform i alle løyve som gjeld dei sjølve.

Statsorgana har plikt til å syte for at dei tilsette innan rimeleg tid får opplæring i bokmål og nynorsk.

Kommunane, Stortinget, Riksrevisjonen og Stortingets ombodsmann for forvaltninga og andre organ for Stortinget er unntatte mållova. I Den norske kyrkja, i undervisningsverksemd og i rettsstellet gjeld lova berre den administrative delen av verksemda.

Du har rett til å få visse dokument frå staten på di eiga målform, til dømes brev, vitnemål, førarkort og eksamenar. Dersom dette ikkje skjer kan ein klage. Klagen skal sendast til overordna organ, med kopi til statsorganet sjølv og til Språkrådet.

(Kjelde: Lovdata, Språkrådet)

Dei fleste av oss er opptekne av å nyte livet her og no



Sjølvsagt skal du nyte dagen i dag. Likevel kan det vere lurt å tenkje litt på dagane som kjem. Eller å la oss i KLP gjere det for deg. Gjennom snart 60 år har vi levert pensjon til kommunar, fylkeskommunar, helseforetak og bedrifter. Målet har heile tida vore å leverer den beste pensjonsordninga i marknaden, slik at de som arbeider i det offentlege skal kunne gå pensjonstilvera trygt og optimistisk i møte.

Det er viktig å leve i "nuet". Men det er ganske fint å ha noko å sjå fram til også!

KLP
for dagane som kjem

Utfordringa er å auke folketallet

Ein rapport frå Telemarksforskning viser at kommunane i rv. 13 - regionen har god næringsutvikling, men klarer i liten grad å trekke til seg nye innbyggjarar.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no



Eidfjord er ein av kommunane som har høg etableringsfrekvens (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

overskot på arbeidsplassar er den mest effektive måten å auke folketallet. Dermed kan ein bu i området og pendle ut av kommunen.

FOLKETAL OG ARBEIDSPASSAR

Trass i dette er den totale befolkninga i rv. 13 - regionen veksande, og har no passert 130.000 personar. Men det er kommunane Førde, Sandnes, Forsand og Strand som har betydeleg vekst i folketallet. Kommunane imellom slit derimot mykje meir. Ifølgje kartlegginga er situasjonen aller verst i Eidfjord, med ein nedgang på 1,2 prosent årleg etter 2000. Ulvik hadde den største nedgangen i 2007 med 2,6 prosent. Når det gjeld arbeidsplassutviklinga i kommunane kjenner ein igjen

mykje av mønsteret som også ligg til grunn for utviklinga i folketallet. Kommunane lengst i sør, Sandnes og Strand, har hatt ein gjennomsnittleg vekst på 3,3 prosent dei siste sju åra. Førde i nord har også hatt ein sterk vekst, med 2,4 prosent gjennomsnittleg auke. Kommunane Balestrand, Granvin, Ulvik og Odda har derimot hatt sterk nedgang. Når det gjeld nyetableringar i næringslivet er også bildet det same, med nokre få unntak. Eidfjord og Odda har høg etableringsfrekvens.

UNGDOMMEN FLYTTAR

Også her ser ein tendensen med at dei unge flyttar innover til byane. Blant kommunane i rv. 13 - regionen er det Førde og Sandnes som er attraktive for dei unge vaksne. Voss, Odda og Strand er over middels attraktive for ungdommen. Noko annleis er det for barnefamiliane. Her er kommunar som Gaular, Granvin og Eidfjord mest populære. Tett fylgt av kommunar som Ulvik, Sauda, Strand og Forsand. Hjelmeland, Balestrand, Vik, Ullensvang og Odda er derimot lite attraktive for barnefamiliar.

Samla sett er det kommunar som både har betre næringsutvikling enn gjennomsnittet, og samstundes er attraktive for tilflyttarar som kjem best ut. Her finn ein Sandnes, Forsand, Strand og Voss. I andre enden totalt sett er Ullensvang, Vik, Balestrand og Ulvik.

Dialektord på t - skjorter

Bedrifta Dialektskurta tilbyr t - skjorter med dialektord. På nettsidene deira kan du designe og bestille di eiga heilt unike dialekt-skjorte med den teksten du sjølv vil. No er også bedrifta ute med ein kampanje for å kontakte mållag som kan kome på banen med unike og lokale ord og uttrykk som kan brukast på t - skjortene. Bedrifta held til i Bø i Telemark og har tidlegare fått målblomen av Bø Mållag. Les meir: www.dialektskurta.no

Ein av fire kommunar aukar eigedomsskatten

Mange kommunar slit med å få budsjetta i balanse og bøter på det ved å auke eigedomsskattane.

Det er den årlege budsjettundersøkinga til kommuneorganisasjonen KS som viser at 24 prosent av dei kommunane som har svart, legg opp til ein auke i eigedomsskatten i 2009, skriv Aftenposten.

Berre 3 prosent vil redusere eigedomsskatten, medan resten av kommunane ikkje vil gjere nokon endringar. 60 prosent av kommunane hadde eigedomsskatt i fjor, og ytterlegare 2 prosent vil innføre slik skatt i år.

- Valet stod mellom pest og kolera. Vi valde pest, seier ordførar Helge André Njåstad (Frp) i Austevoll, ein av dei mange kommunane som har sett seg nøyde til å leggje på eigedomsskatten. (NPK)

Vil fjerne 362 kommunar

Frp vil fjerne alle kommunar som har mindre enn 15.000 innbyggjarar. Reformen må bli gjennomført av ein slags frivillig tvang, seier nestleiar i Frp, Per Sandberg til VG. - Det bør gjennomførast ein demokratireform basert på frivillige kommunesamanslåingar der det vert sett

ein viss minstenorm for kommunestorleik, og der det vert gitt sterke insentiv til kommunane slik at dei finn saman, heiter det i det nye partioprogrammet. Dersom forslaget vert gjennomført vil det bety at 362 kommunar her i landet vert fjerna. Blant desse er store deler av medlemskommunane til LNK.

LNK med hotellavtale

Ein eigen hotellavtale gir medlemmer i LNK billigare overnatting i Oslo.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no



Avtale med Bondeheimen gjev LNK-medlemmer rimelegare overnatting i Oslo (Foto: Bondeheimen)

Medlemmer i LNK får reduserte prisar på overnatting ved Hotell Bondeheimen i Oslo. Avtalen gjeld for alle tilsette i medlemsorganisasjonar - og kommunar, og gjeld både for teneste - og privatreise. Hotell Bondeheimen har ein rein nynorskprofil og overskotet frå verksemda går til Bondeungdomslaget sitt arbeid med å bevare norske kulturtradisjonar. Nynorsk historie og språk pregar det snart 100 år gamle hotellet, og kafeen Kaffistova med sin norske husmannskost er ein naturleg møteplass.

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no



LANDSTINGET 2009

Alexandra Hotel i Loen 27.-29. mai

1. Omdømebygging i kommunane - nødvendig eller jåleri?

2. Arbeidsinnvandring frå Europa - over bekken etter vatn?

3. Vern og vekst

Landstinget 2009 vert eit fellesarrangement mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og LNK

Påmelding til: landstinget@LNK.no

Telefon 52 79 04 80 • Telefaks 52 79 04 81

Påmeldingsfrist 20. april 2009

Meir informasjon: www.LNK.no



Kommunalbanken Norge



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE



Sunnhordland Avis- og trykksproduksjon

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag

24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

PORTRETTE

Drøymer om å skape

Ho meiner Løland – markeringa kan vere med å gi nynorskens status. Marny Skeie Henkel (57) vil gi barn og unge ein endrande draum om å skape.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Me møter henne på ein av småkafene i den vesle gata. Sand er ikkje store plassen, men nett no rommar den ei fem år lang markering. Målet er å tørke støv av Rasmus Løland, løfte barnelitteraturforfattere fram i lyset. Samstundes handlar det om så mykje meir. Det handlar om å gi barn og unge leselyst, kreativitet og å stimulere til at dei unge vil skape noko. Alt dette i Rasmus Løland si eiga ånd.

- Eg er over 50 år og hybelbuar. Eg har drøymejobben, ler Skeie Henkel. Heimen er i Skare i Odda. Hybelen er på Sand. Frå måndag til torsdag må nemleg ektemann Robert klare seg sjølv. Då er kona kulturformidlar, dagleg leiar, Løland – frelst og humørspreidar på heiltid. På hybelen er livet litt annleis.

- Eg jobbar mykje, det er ikkje vits i å vere på hybelen. Men når eg kjem heim har eg fri. Eg kan lese ei bok eller legge meg klokka ni, det er heilt fantastisk. Eg drøymmer om fritid, seier miljøaktivisten, feministen, læreren og den tidlegare SV – politikaren. Men tida strekk ikkje til alt, i Stavanger er det fire barnebam ho gjerne skulle sett meir til. Men slik er det berre.

Ho smiler. Ho ler. Og ho pratar. Marny er like fargerik som den stripete genseren ho har på seg. Hendene held plutsleg rundt koppen med kaffe mocka, snart støttar dei det tankefulle hovudet, før dei plutsleg slår begeistra ut i lufta. Marny er engasjert. Og ho er i ferd med å erobre Suldal. Telefonen ringer.

- Å hei. Å vil du det? Så fantastisk! Det er sorvis, kvittrar ho smilande. I andre enden var ein behjelpelig bibliotekar. Som etter mykje leitning hadde funne boka Marny var på leit etter, no hadde dottera hennar teke postjobben og var på veg til kafeen vår. Vaffelhjarte av Maria Parr.

- Maria Parr skal leie konferansen vår om barnelitteratursenteret. Eg tenkte eg måtte friske opp boka hennar.

Ho smiler noko drøymande: - Den skal eg kose meg med i morgon kveld, ja.

Telefonen ringer igjen. Lokalavisa

vil gjerne ha ein prat. Om barnelitteratursenteret og konferansen som står for døra. Det er tre dagar igjen til avsparkkonferansen, men Marny har full kontroll. Det er Rasmus Lølandstiftinga og Ryfylkemuseet som står bak planane om eit nasjonalt senter for barnkultur i Ryfylke, og målet er å få opne i 2011. Saka har fått støtte i kommunen og kome inn med ein merknad i statsbudsjettet.

- Me ser for oss at dette skal vere ein base der alle som arbeider med barn og unge kan ause frå. Det handlar om å vere eit ressursenter for formidling av kultur for barn. Mykje av dette vil naturleg nok vere nettbasert. Me ser ikkje for oss store folkevandringar til Ryfylke. Barnehagar, skular og kulturskular vil vere nære samarbeidspartnarar. Tidleg språkstimulering er viktig for livslang læring og god, tilgjengeleg litteratur er ein føresetnad for å få dette til, har dagleg leiar i Løland – stiftinga tidlegare uttalt om innhaldet i senteret.

Markeringa er i ferd med å opne nye dører. Løland er i ferd med å bli kjent. Eller meir korrekt: barnelitteraturforfatteren er i ferd med å bli kjent i nye kretsar, dei innarste litteraturmiljø har alltid visst kven forfatteren frå sølvkannestrannå i Hylsfjorden var. For dei har han vore ein pioner innan barnelitteratur. No skal Løland –markeringa inn på nye arenaer.

- Eit mål jo vere at folk vert stolte av Løland. Akkurat som at eg er stolt over å kome frå Ulvik sidan Olav H. Hauge kjem derifrå.

Marny er ko- men med i juryen for Gullsekken 2009, eit nasjonalt senter for barnkultur står på trappene i vesle Suldal og nettverk vert bygde langt utover kommunegrensene. Olaug

Nilssen har blant anna invitert Løland – biograf Ernst Berge Drange og Sivle – biograf Alfred Fidjestøl til Skrivekunstakademiet i Bergen for å møte hennar studentar. I 2011 håpar også Marny det kjem fleire nyttingar av Løland. Kanskje ei vaksenbok denne gongen, det hadde vore kjekt, meiner ho. Og ikkje minst vert Løland ein del av den planlagde Diktarvegen langs rv. 13 – ein veg der reisande skal få møte kunstnarar i deira eige miljø.

- Me byrjar å få gehør for dette no, trur eg. Det er tent ein gnist, seier ho og legg ikkje skjul på at den største inspirasjonen i arbeidet er å finne ute blant folk. Det er der dei gode ideane vert skapte.

- Eg har så mange flinke og inspirerande menneske rundt meg. Det er vanskeleg å trekke fram nokre få av dei. Og så alle dei eg møter!

Blikket flakkar litt før ho grip etter ein papirlapp:

- Der sa du noko, det må eg skrive ned. Eg møtte ei kvinne som jobba ved Universitetet i Oslo, ho ville gjerne bruke Løland i undervisninga. Eg må hugse å sende henne ein e-post. Og den eine tanken fører til ein annan.

- Og så møtte eg Arild Torvund Olsen og byrja å snakke om teikneserie og Løland. Eg har tenkt så mykje på det, og han tipsa om Jorunn Haugse som gjerne ville teikne ut frå Løland sine tekstar. Det er slik det er. Det eine fører til det andre. Sjølv meiner Marny det å vere på rette staden til rette tida kanskje er styrken hennar, det å kunne knyte band og bygge nettverk.

Bak Løland – markeringa står mange stiftarar, kvar og ein av desse med sin styrke. LNK er også ein av dei.

markeringa står mange stiftarar, kvar og ein av desse med sin styrke. LNK er også ein av dei.

(Foto: Jan Nordtveit)



Sjølvmelding

Namn: Marny Skeie Henkel

Alder: 57

Bur: Skare i Odda/ hybel på Sand i Suldal.

Sivilstatus: Gift, to barn og fire barnebam

Aktuell med: Dagleg leiar i Rasmus Løland – markeringa som nett no har sparka i gang arbeidet med eit nasjonalt barnkultursenter på Sand.

Les: Nett no om att "Vaffelhjarte" av Maria Parr, held òg på med Damenets Detektivbyrå nr. 1 av Alexander McCall Smith, Rasmus Løland sjølvsagt, svært gjerne Isabell Allende, Ingvar Ambjønnsen og ellers litt av kvart. Likar godt når ei bok "tek" meg.

Førebilete: Nelson Mandela er den største!

(Foto: Jan Nordtveit)

- Det er så mykje eg ikkje kan, men kva gjer det når eg har folk rundt meg som kan det? Det er mange dagar som kan bli einsame på kontoret og stunder der eg tenker at eg har gjort ein dårleg jobb. Men så er det også dagar eg er stolt og vert inspirert til å arbeide vidare, meiner ho.

- Men korleis kom du inn i Løland – verda?

- Skal eg seie det nett slik det var? Eg var i femtiårsdag til svigerinna mi, og der var og Einar Schibevaag. Ut på natta kom han bort til meg og sa: eg har jobb til deg. Sjølv sagt kunne han ikkje gi meg den då, men eg vart i alle fall seinare invitert til intervju i Stavanger. Eg gjekk heim på morgonkvisten og tenkte: Rasmus Løland, kva veit eg om han? Eg kjente til han, men visste i grunnen lite om litteraturen hans.

Marny gjekk heim og kikka i bokhylla. Der sto ei gamal lesebok av Nordal Rolfsen. I den fann ho Løland – tekstar, og dermed var prosessen i gang. Intervjuet i Stavanger vart eit sterkt møte med mektige menn og ei litteraturverd ho ikkje kjente frå før.

- Tenk: eg vart vettskremt av Roald Bergsaker. Ikkje berre var han ein stor og mektig mann, han er jo høgrepolitkar i tillegg. Men han har det vore ei stor oppleving å arbeide saman med. Han får fram eigenskapar i meg eg ikkje visste eg hadde. Ikkje minst har han lært meg mykje, seier Marny om den tidlegare fylkesordføraren i Rogaland som seinare vart styreleiar i Løland –markeringa.

- Eg hadde ein jobb eg stortreivst i som leiar for sørvistorget i Odda kommune. Men eg takka ja når tilbodet kom, tenkte at dette er sjansen der eg kan vidareutvikle meg og lære noko. Og så sa eg opp jobben i Odda. Så når eg er ferdig her er eg 60 år og arbeidsledig, seier ho og ler.

- Men det står visstnok i ekteskapskontrakten at ektefellen skal forsørge den andre, så eg får stole på han. Marny skratte.

- Eg seier som Arnt Birkedal gjorde det etter å ha lese Løland: det er ein skatt eg aldri vert ferdig med.

"Eg er over 50 år og hybelbuar. Eg har drøymejobben"



Foto: Jan Nordtveit

Mange mål å nå...



Måla er mange i den kommunale kvardagen.

Nokon er lette å nå – andre vanskelege.

Ny skule, betre vassforsyning, eller eit nytt kulturhus?

Kommunekreditt har i femten år arbeidd for at kommunenoreg skal få meir ut av midlane sine.

Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

Langt under prosentkrav

NRK sine målingar av nynorskdelene i eigne barne- og ungdomsprogram er langt unna minstekravet på 25 prosent. Dette skriv Håvard B. Øvregård, styreleiar i Kringkastingsringen i ein leiar i Kringom. Kringkastingsringen er blitt informerte om resultatet av målingane.

Tala stadfestar at det ikkje står bra til med nynorsken i barnekanalen, skriv Øvregård. Øvregård skriv vidare at han opplever at NRK no, med kringkastingsjef Hans- Tore Bjerkaas i spissen, skjønner at nynorskdel og 25 prosentkravet er viktig og tek det på alvor.

Éin av ti skuleelevar får spesialundervisning

Talet på barn som får spesialundervisning, har auka med rundt 2.000 kvart år dei siste åra. Sju av ti som får slik undervisning er gutar.

Nye tal frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI), viser at vel 43.000 barn no får spesialundervisning, skriv Dagbladet.

I år blir 7 prosent av elevane tekne ut av klassen, medan det for berre to år sidan var 5,9 prosent. 70 prosent av barna som får spesialundervisning, er gutar.

Lærarar og skuleforskarar er uroa over det som blir karakterisert som ein ny trend. Det blir no arbeidd med å finna ut kva som er årsaka til at fleire og fleire elevar må ha ekstraundervisning utanfor klasserommet.

– Det er liten grunn til å tru at elevane er blitt verre. Dei er nok dei same, men skulen og undervisninga har endra seg, seier professor i pedagogikk, Thomas Nordahl.

Tidlegare forskning har vist at spesialundervisning ikkje gjev tilfredsstillande resultat, og at elevar som får slik undervisning viser liten framgang. Dei får ofte stempel som taparar.

Éi av årsakene til at prestasjonane ikkje blir betre, er at rundt halvparten av timane til spesialundervisning blei gjort av ufaglærte assistentar.

Lærar Nina Marie Emanuelsen meiner at spesialundervisning bør vera intensiv og gå over ein kort periode for å vera effektiv.

– Elevar som blir plasserte på eit grupperom i lang tid, får ein knekk i sjølvtiliten, meiner ho. (NPK)

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!

Haldningar til nynorsken betyr mest



Bruk nynorsk til meir enn norskundervisning, oppmodar lærarane Torill Tørjesen og Pål Wiik ved Holmlia skole i Oslo. (Foto: Toyni Tobekk)

Lærarar må ha ei positiv haldning til nynorsken for å sikre god læring, meiner lærarane Pål Wiik og Torill Tørjesen som har jobba med prosjektet "Sidemålsloftet" på Holmlia skole i Oslo sidan 2005.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Negative haldningar til nynorsken kjem til uttrykk sjølv om ikkje lærarane seier det høgt. Er lærarane negativt innstilte får dei heller ikkje elevane med seg.

Det var noko av bodskapen frå Holmlia-lærarane til deltakarane på den nasjonale lesekonferansen Koz me

lvt som Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger arrangerte i januar.

NYNORSK TIL VÅREN

Wiik og Tørjesen nemner eksempelvis det å utsetje all nynorsken til 10. klasse, eller å undervise i nynorsk i ein bolck haust og vår som døme på ein mindre positiv haldning til faget. Røynslene deira frå prosjektet Sidemålsloftet er at ein heilskapleg tankegang om norskfaget tener læringa best.

I praksis tyder alt dette at lærarane ved Holmlia utvider arenaen for nynorsken til å gjelde fleire fag enn norskfaget. Dei bruker mellom anna nynorsk som tavlespråk i fleire fag. I KRL-faget har dei i fleire år kjøpt inn bøkene på nynorsk og nytta nynorsk på tavla, i prøvar og anna skriftleg arbeid.

MEIR ENN VAKKERT

I tillegg til at haldningane til språket og undervisningsmetodane må endrast, meiner dei og at lærarutdanninga må bli betre på nynorskopplæring. Som eit godt døme på korleis det kan gjerast, viser dei til Høgskolen i Oslo der lærarstudentane må levere alle oppgåvene sine på nynorsk det første året.

– Norsk er både bokmål og nynorsk, og båe målformene er likestilte i Kunnskapsloftet, minner Torill Tørjesen om.

Nynorsk er vakkert i skjønnlitteratur, men det kan brukast til meir. Ein må veksle mellom ulike sjangrar, leike og gjere undervisninga spennande, meiner dei. – Gjennom å bruke eit læreverk på nynorsk, slik vi gjer i KRL, får elevane nynorsken med seg gratis.

Nynorsk + minoritetsspråk = bra

Homlia skole har erfart at minoritetsspråklege elevar er ein ressurs for nynorskundervisninga.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det som kjenneteiknar minoritetsspråklege elevar er at dei er svært språkleg kompetente og bevisste, og er motiverte for å lære fleire språk. I tillegg har dei færre kulturelle fordommar generelt og spesielt mindre innlærte fordommar mot nynorsken. Det fortel lærar Pål Wiik ved Holmlia skole, ein Oslo-skole der 70 prosent av elevane er minoritetsspråklege.

– Desse barna og ungdommane veksler mellom å snakke norsk og morsmålet sitt, utan å blande dei. Ofte beherskar dei fleire framandspråk i tillegg til norsk.

Wiik meiner skulen må nytte seg av at desse elevane er språkmektige. For nynorsken sin del bør det og slå positivt ut at desse elevane ikkje har fått dei same haldningane til språket med seg heime frå og frå samfunnet elles, meiner han.

Holmlia skole har jobba med prosjektet Sidemålsloftet sidan 2005 og har gode erfaringar med nynorskundervisning i skuleklassar kor den språklege variasjonen er stor.

Testar som blei gjort av åttandeklassingane på Holmlia i 2007 viste at minoritetsspråklege elevar skåra nesten like bra som dei andre elevane på nynorsktestar.

Språkråd



Jan Olav Fretland
- førsteamanuensis i norsk,
medlem av Norsk språkråd

Det må vera alderen!

58 år er nok for gammalt for å sjå Spelemannsprisen. Det er den klare konklusjonen min etter å ha prøvd å lata TV 2 formidla denne storhendinga ein vindfull laurdagskveld. Det røynte hardt. Eg makta 10-15 minuttar om gangen, så måtte sansane få kvila.

Faktene og toskeskapen er no ein ting. Eine programleiarer, han Thomas, sprang rundt heile bygningen for å syna korleis dei som vann, eigentleg burde oppføra seg: sprang og hoppa, hylte og gaula, spruta ketsjup på ei dame og avslutta med å visa ei naki rumpe til dei i «grinrum». (Det heiter det det rommet bakom scena.) Nett før dette hadde dei to karane komme fram spretande nakne med ei ungjente i bunad mellom seg. Eg lo uhemma...

Men det er språket som tek mest på. Fyrst pratir dei rasande fort og dreg i hop alle orda. Så spritar dei opp ordgrauten med «kule» adjektiv. Her vart det aust fram åndsverk i haugar og dungar: «drittbra, asså! Helt sykt! Jævlig bra! Drikkult! Megakult! Helt kängel!» Ein av karane trudde ikkje han fekk pris, så derfor kom han rett «frå dass», fortalde han. Då måtte han som kom etter, forkynna at kompanjongen hans var «ute og dreit», men at han kom snart. For meg kunne han gjerne ha halde seg på doskåla.

Somme klagar over at det er alle desse merkelege dialektane frå bygdene som gjer at me får slurvet og upresist og åndlaust språk. Eg tvilar sterkt. Sjølvstogt kan me sogningar til dømes i full fart seia «kåraemærera» og liknande ordskreder. Men me prøver faktisk å uttala alle stavingane når me skal snakka i media. Det handlar om å ha respekt for dei som høyrer og ser på. Den tanken hadde ikkje streifa ein del av sprellemennene. Då vår internasjonalt kjende jazzpianist, Bugge Wesseltoft, og meisterspelemannen Knut Buen skulle dela ut ein pris saman, måtte dei tenkja som gamle Obsfelder: «Jeg tror jeg er kommet på feil klode». Dei kunne knapt kjenna seg særleg heime i selskapet.

Der fekk eg ut frustrasjonen, kjenner meg alt betre til sinns, faktisk. Tenkjer eg høyrer litt på siste Odd Nordstoga-plata i kveld.

Vindafjord



- Me er på rett veg

Arne Bergsvåg har i løpet av sine to ordførarperiodar bidratt til endring av fylkesgrense og samanslåing av Ølen og Vindafjord kommunar.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Eit mål om å bli ein livskraftig kommune, få eit betra fagmiljø, betra tenestar og få ei meir effektiv drift var hovuddrivkrafta bak samanslåinga som såg dagens lys i januar 2006.

- På ein del område er me godt i gong, seier Bergsvåg, men det er stadig utfordringar til liks med andre kommunar. Han er sikker på at dei er på rett veg, særleg når det gjeld effektivisering. Kommunen har

hatt ein reduksjon på 25 prosent i administrasjonen i høve til kva situasjonen var ved samanslåinga. Auken i årsverk elles er komen som følge av utviding av tenestetilbodet til innbyggjarane, og nye statlege krav til tenestene for dei svakaste i samfunnet, understrekar ordføreren.

PRESSA TENESTAR

Overgangen til Rogaland hadde bakgrunn i at Ølen ynskte å koma meir i posisjon for samanslåing med Vindafjord, fortel Bergsvåg. I tillegg var kommunen meir sentrert sørover mot Rogaland enn nordover. Målet med samanslåinga var å redusera frå eitt til to kontor og få meir fokus frå å flytta papir til å hjelpe folk. Ordføreren fortel at kommunane kvar for seg kjente seg pressa på mange tenestemåte.

- Vel så viktig som innsparing var høvet til å kunne få eit større fagmiljø for lettare å kunne rekruttere kvalifisert arbeidskraft innan helse, sosial, barnevern og dei områda ein treng brei fagkompetanse.

- Det er verken bra for tilsette eller dei som treng hjelp om ein er aleine med ansvaret, held han fram. Me kunne ikkje halda fram med å vera ein opplæringsstad for nyutdanna. Slik det var freista fagmiljøa i byane for mykje.

VARIERT NÆRINGS LIV

Vindafjord kan skilta med utalle næringsverksemdar.

Me har eit fantastisk flott næringsliv, seier ein nøgd ordførar. Her er det bruk for arbeidskraft for så vel teoretisk utdanna til fagutdanna personell.

Kommunen kan skilta med fleire slakteri, rederi, verft og bedrifter innan data, bygg og handverk, betong, transport og maskinentreprenørar med meir. I tillegg har kommunen stor sysselsetting innan primærnæringa jordbruk. Bergsvåg ser ein veksande tendens til nye verksemdar i kommunen både innan turisme, gard og nisjeproduksjon. Her er det hjelp å få

Vindafjord



I Ølensvåg er der eit stort verftsområde og betongindustri. Westcon og Ølen Betong er to av fleire bedrifter som driv internasjonal verksemd med base i Vindafjord kommune. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

Kommunesenteret Ølen er eit knutepunkt i Vindafjord. I front: Sandfrakt AS (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)



via eit næringsfond i fylkeskommunen knytta til skape.no, fortel Bergsvåg. Bergsvåg er nøgd med at tala på pendlarar inn i kommunen er høgare enn tala på dei som pendlar ut av kommunen for å jobba.

- Men det er klart me ynskjer at fleire skal busetja seg i kommunen, seier han.

YNSKJER BUSE TJING

Medan fødselstala er positive er det mange som flyttar ut for å studera. Utfordringa er å få desse unge til å venda nasa heim etter endt studietid. Ei av utfordringane ordføreren ser i framtida er å få behalda den vidaregåande skulen i Ølen. Etter Ølen gjekk over til Rogaland, etablerte Hordaland Fylkeskommune ein vidaregåande skule i Etna. I dag har ein to vidaregåande skular i dei to nabokommunane. - Medan elevar som gjekk i Ølen



Ordførar i Vindafjord kommune, Arne Bergsvåg, ynskjer å få fleire av dei som pendlar til kommunen for å jobba til å busetja seg der. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

tidlegare etablerte nettverk og venskap med elevar frå Skånevik til Imsland, vel fleire elevar å reisa lengre vekk av di tilboda på skulane er i ferd med å vatnast ut, meiner Bergsvåg. Vindafjordordføreren fryktar at ein på sikt kan misse det vidaregåande skuletilbodet både i Vindafjord og i Etna.

- Nettverka ein byggjer i denne livsfasen er ofte avgjerande for om dei unge vel å koma tilbake etter endt studietid ute, understrekar han. Har ein ei positiv ungdomstid med mange vener i eit nettverk, ynskjer ein å koma tilbake til bygda.

Bergsvåg er klar over at det må gjerast ein innsats for å lokka ungdom tilbake til bygdene Han fortel at kommunen er i ferd med å planlegga ei byggmesse til våren der ein skal få presentert bedrifter, tomter og byggehøve.

FESTIVAL OG DUGNADSÅND

Lag og organisasjonsarbeid er også sterkt representert i Vindafjord kommune. I desse tider er fleire lag involverte rundt om i bygdene for å planleggja årest festivalsommar. Dugnadsaktiviteten er høg når lag og organisasjonar samlast om å tilby Kystkultur dagar i Sandeid, Kjøttfestival i Ølen, Rootsfestival og Zportfestival i Vikedal, og elles sommarfestivalar både i Vikedal, Vikebygd og på Bjoa.

- Dette er heilt klart med på å skapa liv og å marknadsføra bygdene våre, seier Bergsvåg. Ordføreren som sjølv har lang fartstid i ungdomslagsarbeid, trør til på revyscenen i Ølen når det trengs. - Eg plar berre slenga meg med når det nærmar seg premiere annakvart år, smiler han.

Abonnement: Send inn denne kupongen, send e-post til tinging@dagogtid.no eller gå til

www.dagogtid.no

Tilbod til studentar: 40% rabatt

JA, eg tingar Dag og Tid i eit halvt år!

Studentpris 402,- Vanleg pris 670,-

NAMN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR./POSTSTAD: _____

TELEFON: _____ E-POST: _____



DAG OG TID AS

Svarsending oogu
0090 Oslo

Vindafjord kommune



Vindafjord kommune ligg på indre Haugalandet, har 9 bygdesentra og har litt over 8000 innbyggjarar. Det er for tida ca. 750 tilsette i kommunen.

Vindafjord kommune og Ølen kommune vart slegne saman til Vindafjord kommune frå 01.01.2006. Kommunesenteret er i Ølen, men kommunale tenestekontor er også lagt til Sandeid og Vikedal. I kvar av dei 9 bygdene er det grunnskule, SFO og barnehage.

Folketal: Pr. 01.01.2007 hadde Vindafjord kommune 8111 innbyggjarar.

Areal

Vindafjord kommune har eit areal på 620 km². Det er bare 4 kommunar i Rogaland som er større enn Vindafjord i areal.

Næring

Vindafjord kommune har eit variert næringsgrunnlag. Gamle Vindafjord kommune hadde i 2002 registrert 355 einingar innanfor jordbruk, medan Ølen hadde 148. Vindafjord kommune er den største arbeidsplassen i Vindafjord, med

omlag 600 årsverk.

Kommunen har

- 9 skular
- 8 kommunale barnehagar
- 2 bibliotek
- 2 omsorgssenter
- 2 kommunale legekontor
- 3 helsestasjonar

I tillegg diverse stabsavdelingar, teknisk, landbruk, sosial/barnevern, bufellesskap, psykiatri, PPT, kulturskule m.m.

Kommunestyret:

Ordførar: Arne Bergsvåg (Sp)

| | |
|---|---|
| Senterpartiet..... | 9 |
| Arbeidarpartiet..... | 5 |
| Høgre..... | 4 |
| Framstegspartiet..... | 3 |
| KrF..... | 3 |
| Bygdelista | |
| for Innbjoa, Vikebygd og Haugsgerdet..... | 1 |

Vindafjord



Det nærmar seg ny urtesesong. På Kjerringgarden bar Ingrid Johannesen ikkje mindre enn rundt nitti sortar å balda styr på. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

Med urter på menyen

På Kjerringgarden nyttar dei urter til så mangt. Ikkje berre som smakstilsetjing, men óg som kakepynt og ingrediensar i velværeprødt.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Ei sterk interesse for kultur og kulturformidling, eit sett av felles verdiar og eit ynskje om å ivareta tradisjonar fekk Ingrid Johannesen og venninna Mariann Hettervik til å starta eiga nisjebedrift. Ei halvtimes reis frå Ølen i Vindafjord finn me Ingrid Johannesen, som saman med veninna Mariann Hettervik for snart 10 år sidan stifta Kjerringgarden ANS. Ho har baka gulrotkake pynta med tørka urter i delikate fargar. Kaka smakar like godt som ho ser ut.

FELLES VERDIAR

- Me sa begge opp faste jobbar, fortel Ingrid. Sjølv hadde ho bak seg både miljøvern- og kulturkonsulentstilling, men ville heim att og var klar for å kunne bu i nærleiken av heimstaden sin. Eit godt vennskap frå gymnastid, felles verdiar og interesser i tillegg til eit medvite val om å busetja seg nær heimstaden fekk Ingrid til å klara å lokka venninna med seg til Bjoa.

- Tanken var å skapa eigne jobbar med ressursar frå garden, seier ho. Og

med utgangspunkt i egne ressursar, interesser og kunnskap vart ideen om Kjerringgarden klekka. Me er begge glade i hage, det å få ting til å gro, og me er og glade i dyr.

GARDSDRIFT

- Intensjonen var å skapa deltidstillingar for fleire kjerringar, seier Johannesen. Sjølv kombinerer ho jobben i Kjerringgarden med gardsdrift. Mannen hadde odel på garden, men var nyutdanna ingeniør og ville få nytta utdanninga si. - Eg tenkte det var for gale å avslutta drifta på ein så stor gard, så eg avgjorde å stå for drifta sjølv, fortel Ingrid.

På garden er det for tida mjølkeproduksjon på 85.000 liter frå 15 mjølkekyr, 40-50 storfe og 20 vinterfora sauer. Dei sistnemde til god hjelp for å pussa beite og halda vedlike kulturlandskapet, smiler Johannesen.

NETTBUTIKK

Via gardsbutikk, nettstaden kjerringgarden.no og utsal frå eigen gardsbutikk i sesongen vert produkta formidla. - Me arrangerer kurs mellom anna i dyrking og bruk av urter, mat med urter, flatbrød og potetlefebaking, fortel Johannesen. På Kjerringgarden på Bjoa i Vindafjord byr dei på heimelaga te, krydder og velvære produkt. Det meste kjem frå eigen hage.

- Andelslaget vårt er medlem i Norsk Øko-Urt, fortel ho. Me leverer

og får urtene reinsa og returnert klare til å pakkast. Medan bedrifta i starten hadde like stor produksjonsdel som besøksdel på garden, tek sal og produksjon av velvære produkt meir tid.

- Produksjonen av velvære produkt er sjølvlerd, men kollegaen Hettervik har reseptutdanning, seier Johannesen. I tillegg har dei god kontakt med Urtegarden i Danmark der dei også får råvarer og ekstrakt.

NETTVERKSKREDITT

Kjerringgarden er del av ei nettverkskredittgruppe saman med mellom andre *galleri å godt* i Sandeid og *Bøker og Sånn* i Etne kommune. Gruppen som vart etablert i 2001 har mottatt 200.000 i midlar frå Innovasjon Norge, som medlemene disponerer innad i gruppa. Kreditten er meint som ei støtte til småtablerarar, og gruppa avgjer sjølv renta for utlån. - Nettverksgruppa er eit samlingspunkt, der idear kan drøftast og ein kan dela erfaringar på godt og vondt - seier Johannesen.



Kommunekreditt har vore støttespelar for Opera Nordfjord i ti år.

Det er mange mål....

Nokon er lette å nå - andre vanskelege.

Ny skule, betre vassforsyning eller kanskje eit nytt operahus.

Kommunekreditt gjer sitt for at midlane skal strekke litt lenger når dei folkevalde skal prioritera sine investeringar.



Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

Gamle og unge er i strid. Men det må så vera. Var det ikkje det, fann ikkje dei unge på anna enn det dei gamle alt hadde gjennomført, og så sovna livet.

- Arne Garborg

Ein samla familie- og kulturkomité meiner at

"..realiseringen av et Nasjonalt Garborgsenter i Time på Jæren i 2011 er viktig".

Komitéen meiner senteret skal fremje Hulda og Arne Garborgs visjonar som handlar om langt meir enn litteratur. Senteret skal skape engasjement og debatt mellom nye generasjonar for å sikre at unge menneske ser demokrati- og samfunnsprosessar som viktige arenaer å ta del i. Senteret skal fremje det norske og det nasjonale, og samtidig vere søkjande og ope for idear og utviklingstrekk i Europa og i verda elles.

Det er og grunngevinga for at 18 førsteklasingar frå dei vidaregåande skulane i Asker, Tynset og Bryne er peika ut til å vere brukarpanel når innhaldet i senteret skal formast. Fram til opninga skal dei vere med å sikra at tilboda senteret skal by unge vaksne, som blir hovudmålgruppa for senteret sitt arbeid. I eit spennande byutviklingsmiljø skal Garborgsenteret i lag med nytt bibliotek bli ein del av eit pulserande og innovativt fellesskap. Saman skal me stimulere unge menneske til å vere med å forme framtida.

Nasjonalt Garborgsenter er ein del av Jærmuseet, eit regionalt vitensenter for Sørvestlandet.

NASJONALT GARBORGSENTER



garborg.no

JÆRMUSEET

Sparkar i gang barnekultursenter



Anita Svendheim (16) og Bård Drange (16) etterlyste kreativitet og kunnskap i eit barnekultursenter. Som lesarar søkjer dei den gode historia. (Foto: Judith Sørhus Littlehamar)

2009 - 2012. Det planlagde barnekultursenteret er og kome inn med ein merknad i statsbudsjettet, noko som i følgje Roy Høibo er viktig for å få statlege midlar i framtida.

- Me er så vane med å velje frå ein meny dei vaksne har servert oss. På eit barnekultursenter bør det vere byggeklossar slik at me kan skape noko sjølv. Ein plass for kreativitet og kunnskap, seier skuleelev Bård Drange (16).

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Eg er samd med ordførar i Suldal kommune, Torkel Myklebust, i at ein må tenkje bredt. Dette er ein diskusjon som må gå ei stund, men me har ein visjon om at dette skal bli eit nasjonalt senter, uttalte direktør ved Ryfylkemuseet Roy Høibo på avsparkkonferansen for barnekultursenteret på Sand i Ryfylke. Han viste også til debatten om kva senteret skal innehalde. Om det skal bli eit barnekultursenter eller eit barnelitteratursenter? - Mitt ynskje er at eit barnekultursenter skal utfordre det etablerte, det treng me. Senteret bør også setje dagsorden og provosere, meiner Ine Marit Torsvik Bertelsen, prosjektlei



Leiar i Foreningen !Les, Ketil Kolstad, meiner lesing er basis for all læring. (Foto: Judith Sørhus Littlehamar)

for den Nordiske barne- og ungdomslitteraturkonferansen. Ho la også vekt på at den største utfordringa for barne- og ungdomslitteraturen er for få lesarar, og at debatten kring litteraturen ofte er prega av synsing. - Ein snakkar om form, men ikkje om innhald. Når høyrde de sist ein diskusjon om barnelitteratur på litteraturen sine egne premisser? Det er Rasmus Løland-stiftinga og Ryfylkemuseet som står bak planane om eit nasjonalt senter for barnekultur i Ryfylke, og målet er å opna i 2011. Saka var oppe i kommunestyret i Suldal kommune på det siste møtet i 2008, og er teke med i handlingsprogrammet for

DEN GODE HISTORIA

16-åringane Eli Bog, Bård Drange og Anita Svendheim fortalde på avsparkkonferansen om kva Løland og litteraturen hans hadde å seie for dei som unge lesarar. Dei sende også klare signal om kva dei kunne tenkje seg som innhald i eit barnekultursenter.

- Løland gav oss dei gode historiene som har tru på lesaren og ser verda med våre auger, meinte dei og la vekt på at mykje ungdomslitteratur handlar om tema ungdommane ikkje kjenner seg att i, som til dømes abort, rusmisbruk og massiv festing kvar helg. - Det er viktig å få dialog med barna om kva dei ynskjer, og middelet til det er å bruke dei ulike mediene, meinte Bård Drange om innhaldet på senteret. Han meinte også ei langsiktig satsing på eit barnekultursenter kan få langt større konsekvensar enn ei enkelt markering av ein forfattar.

DEFINISJONSDEBATTEN: KULTUR ELLER LITTERATUR

Leiar i Foreningen !Les, Ketil Kolstad meinte eit barnekultursenter kan spele ei viktig

rolle ved å løfte opp barnekulturen. - Lesing er basis for all læring. Det er vel så viktig å knekke lesekode i naturfag som å lese skjønnlitteratur. Kan du ikkje lese, får du vanskar. Du møter tekst i heile samfunnet, meinte han og oppfordra til å lese for barna og fortelje dei gode historiene. Og ein må byrje tidleg skal ein ha resultat. Kolstad har besøkt Polen og organisasjonen All of Poland reads to kids foundation.

- Dei har fått enorme resultat av å byrje lesinga tidleg. Blant anna har dei påvist auka konsentrasjon, tekstforståing, ei styrka evne til reflektering og kritisk tenking og auka grad av fritidslesing. Kolstad la også vekt på at barn og unge fortener å få formidla ein levande og aktuell samtidslitteratur dei kan kjenne seg att i. Direktør i Språkrådet, Sylfest Lomheim meiner behovet for eit slikt nasjonalt senter absolutt er tilstades og håpar det kan stimulere til leseinteresse.

- Leseinteresse er viktig, det er dei unge som avgjer framtida til språket vårt, meiner han. Fleire i salen under konferansen etterlyste ein tydelegare definisjonsdebatt rundt senteret, og fleire peika på at eit kultursenter burde famne over meir enn berre barne- og ungdomslitteratur.

Barnekultursenter

Rasmus Løland-stiftinga og Ryfylkemuseet står bak planane om eit nasjonalt senter for barnekultur i Ryfylke, og målet er å opna i 2011. Saka var oppe i kommunestyret i Suldal kommune på det siste møtet i 2008, og er teke med i handlingsprogrammet for 2009 - 2012. Det planlagde barnekultursenteret er og kome inn med ein merknad i statsbudsjettet. LNK er ein av stiftarane bak Rasmus Løland-stiftinga.

Med barnekultur på timeplanen

Sverresborg Museum i samarbeid med Jämtland Läns Museum i Østersund har fått interreg-midlar (eit grenseregionalt, transnasjonalt og interregionalt samarbeid) til prosjektet "Norsk-svensk førskolelærerutdanning med vekt på barnekultur og kulturarv". Hausten 2010 vil det vera klart for å ta imot studentar på linja som vil ha ei langt breiare fokus på kulturformidling.

Fram til dess vil samarbeidspartane arbeida med fagplanar, litteratur og alt det praktiske som skal til for å setja i gong ei ny line. Tilbodet skal inn i studiekatalogen frå hausten. Det er DMMH (Dronning Mauds minne Høgskolen for førskolelærerutdanning i trondheim og Mittuniversitetet i Østersund/Härnösand som er prosjektteigarar medan musea Sverresborg Trøndelag Folkemuseum og Jamli er samarbeidspartnere.

Skilnaden mellom den tradisjonelle førskolelærerutdanninga og det norsk-svenske pilotprosjektet, er at mykje meir av pensum vil omhandle barnekultur, historie og kulturformidling. Opptakskrava og øvrige krav vil vere dei same som ved den ordinære utdanninga.

Meiner krisepakka sikrar arbeidsplassar

- Krisepakka til kommunane må setjast i verk raskt, meiner leiar i Kommunenes Sentralforbund (KS), Halvdan Skard.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Krisepakka som regjeringa nyleg la fram for å auke sysselsetjinga gav 6,4 milliardar til kommunesektoren. Først og fremst slik at kommunane kan ruste opp bygningar og drive vedlikehaldsarbeid.

- Regjeringa sitt opplegg vil bidra til at kommunesektoren kan gi næringslivet mange oppdrag og kan sikre arbeidsplassar, uttaler KS-leiar Skard i ei pressemelding, og meiner tiltakspakka er ei tillitsklæring til både kommunar og fylkeskommunar. KS la i 2008 fram ei kartlegging som dokumenterte at vedlikehaldsbehovet

i norske kommunar var betydeleg. Undersøkinga viste også at det var mogleg å få til tiltak som kunne gitt bygge- og anleggssfirma oppdrag på om lag 30 milliardar kroner i løpet av kort tid. No legg KS vekt på at ein må kome raskt i gang med arbeidet for å stogge den aukande tendensen i arbeidsløysa.

- For kommunane er det viktig at arbeidsløysa aukar minst mogleg. Regjeringa sitt forslag om auka frie midlar vil vere eit viktig bidrag til å dekke eventuelle auka sosialhjelp-utgifter, heiter det i pressemeldinga. I midten av februar arrangerer KS ein konferanse på Gardermoen der det vert sett søkjelys på korleis kommunesektoren kan bruke krisepakka mest mogleg effektivt.

Vil ha meir nynorsk litteratur i folkebiblioteket

LNK har no søkt ABM – utvikling om midlar til eit prosjekt for å styrke nynorsk litteratur i folkebiblioteket. Prosjektet har fått namnet: Nye tider – ny norsk!

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Målet med prosjektet er å framheve og styrke nynorsk litteratur i biblioteka. Prosjektet som er meint å gå over seks år vil prøve å auke kunnskapen om den nynorske litteraturen og å utvikle nye metodar for å formidle denne. Dei første tre åra vil eit pilotprosjekt vere knytt til seks nynorsk-kommunar i Nordhordland. Desse er: Austrheim, Lindås, Meland, Modalen,

Osterøy og Radøy. Det er erfaringar frå desse kommunane som vil bli rettleiande for det vidare arbeidet. - LNK vil bidra til å forsterke bruken av nynorsk ved å stille seg i brodden for ei positiv markering av nynorsk litteratur. Ein levande litteratur er den beste garantien for at eit språk kan gjera seg gjeldande, og nynorsk samtidslitteratur viser både ei breidde og ei nyskaping som gir grunn til optimisme. I dagens mediemylder er det likevel nødvendig med ein ekstra innsats for å gjere denne litteraturen kjend, også i våre medlemskommunar, heiter det i søknaden til ABM – utvikling. Av konkrete tiltak vert det nemnt etterutdanning av personale, oppdatering av bokstammen, forfattarbesøk og møte med profesjonelle formidlarar.



"Dette er din veg. Berre du skal gå han"

Sitat frå diktet Din veg av Olav H. Hauge

Kommunalbanken - ein fulltreffar for kommunen din -me finansierer lokale løysingar

KBN Kommunalbanken Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefaks 21 50 20 01 www.kommunalbanken.no

I meir enn 80 år har me hjulpet kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering som kan realisere kommunen sine mål.



Vi har fått ny nettside!

www.pirion.no

Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Her finn du inspirerende kultursaker, omtalar av bøker for barn, inspirasjon til song- og forteljstunder

Pirion er ei kulturavis for barnehagar og småskular som kjem ut åtte gonger i året. Vil du tinge Pirion til barnehagen din? Ønskjer du informasjon om Pirionkurs? Send oss ein e-post: pirion@norsk-plan.no



Søkjer det perfekte

Tabutema som drit og mjølkespreng dukkar opp i litteraturen til Gunnhild Øyehaug (34). Den elles så høflege forfatteren er glad i å provosere.

INGRID HILLESTAD
bladstova@lnk.no

Sist haust gjorde ho suksess med romanen "Vente, blinke. Eit perfekt bilete av eit personleg indre". No er forfatteren frå Ørsta, busett på Møhlenpris i Bergen, svanger med barn nummer to. Ved sida av skrivinga, jobbar ho som lærar ved Skrivekunstakademiet i Hordaland. Ho har også fram til nyleg vore med og redigert litteraturtidsskriftet "Kraftsentrum", som i alt kom ut med sju nummer, før Øyehaug og kollega Olaug Nilssen la ned tidsskriftet med gravøl på bursdagen til Gunnhild for få veker sidan.

RØRER VED TABU

De fekk mykje omtale då de i eit av tidsskrifta tok opp temaet "drit i litteraturen", er dette eit tema du framleis engasjerer deg i?

Eg fekk mi utblåsing med det nummeret. Det var fascinerande å sjå at temaet framleis makta å provosere. Men eg har absolutt sans for slike tema framleis, svarar forfatteren.

Ho legg ikkje skjul på at nettopp ønsket om provokasjon var ei kime til å skrive om korleis temaet drit både har blitt og blir handsama i litteraturen. Det handla også om å stille spørsmål ved kva for tema som i tidsskriftverda blir rekna som litterært interessante.

Provoserer du framleis?

Eg er iallfall ikkje opptatt av å unngå tabu. Eg er til vanleg eit høfleg menneske. Når eg skriv kan eg trampe fritt omkring meg. Det er noko av det avgjerande ved det å skrive, ein kan frigjere seg frå ein del band og forventningar.

KJENNER SEG IGJEN

Pratet om pinlege kroppsvæsker lagar ein naturleg overgang til romanen "Vente, blinke", der ei mjølkesprengscene har blitt mykje omtalt. I boka møter vi ein kvinneleg performancekunstnar som strir med intens mjølkespreng akkurat idet ho skal på scena.

Eg har ikkje sett mjølkesprengscener skildra i litteraturen tidlegare. Dette høyrer nok med til tema som blir sett på som banale og som var var noko av motivet for å skrive om den kvinnelege kunstnaren: Det finst fordommar mot denne typen kvinnelege tema. Samstundes, når eg les denne historia opp for folk, merkar eg ei gjenkjenning frå publikum. Det er kjekt. Dei fleste som har barn har sine historier om mjølkespreng. Dette blir likevel ikkje sett på som noko høgverdig litterært emne.

VIL BLI SETT

I tillegg til performancekunstnaren, blir vi i romanen kjende med fleire personar som lever i ulike verder. Dei har samstundes det til felles at dei alle



Fortattar Gunnhild Øyehaug seier ho gjennom å skrive kan frigjere seg frå ein del band og forventningar. (Foto: Kolon Forlag)

ber på ei lengt. Dei søker etter nokon som vil sjå dei. Tittelen "Vente, blinke" speglar mot dette: Sigrid, ein slags hovudfigur i boka, identifiserer seg med stjernene – dei har alltid venta og blinka, slik ho sjølv har gjort, i von om at nokon skal oppdage henne.

- *Kvifor undertittelen "eit perfekt bilete av eit personleg indre", finst noko slikt, eller aner vi eit snev av ironi?*

- Eg trur ikkje det finst eit perfekt bilete av eit personleg indre. Boka er eit forsøk på å framstille eit personleg indre, eller kva eit personleg indre kan innebere. Perfekt blir dermed eit overdrive ord, og i det ligg det ei form for kritikk. Det blir ei dobbel rørsle ved denne tittelen: Eg ironiserer over moglegheita til å framstille eit personleg indre, samstundes som boka er eit ærlig forsøk på å gjere nettopp dette.

OPPTATT AV KOMMUNIKASJON

Romanen tar opp fleire utgrunnelege tema. Mellom anna trengjer det seg på eit spørsmål om kva det vil seie å vere seg sjølv – alle romanfigurane opplever konflikter her.

Eg trur dette er eit allment tema, noko ein kjenner seg igjen i. Eg trur mange kan oppleve seg som innstengt i eigen kropp og personlegdom. Eg er ekstremt opptatt av kommunikasjon, av kva for forståing som kan oppstå mellom to menneske. Eg

er på eit vis tragisk interessert i dette: Er det mogleg å forstå kvarandre, å komme fram til ein kjerne? Dette er eit felles tema i alt eg skriv.

LIVLEG FANTASI

- *I ei melding eg las blei "Vente, blinke" skildra som både underbaldande og kompleks på same tid. Er dette ein karakteristikk du synst passsar til boka di?*

- Eg er glad du nemner det. Mange har påpeikt nettopp dette: at boka er lett å lese. Det var også noko eg tenkte på då eg skreiv, at romanen skulle ha ein under-

haldande driv, sjølv om eg brakte inn tema som gjerne ikkje tiltrekkjer seg det store publikum. Det er i grunnen lite av det tradisjonelle plottet i romanen. Karakterane har eit sterkt indre liv. Det er deira refleksjonar, tankar og samtaler som står i sentrum. Det er morosamt å skrive om slike tema på ein underhaldande måte, sidan dei gjerne blir sett på som meir akademiske. Eg likar å ta dei ned og slik få til plan.

- *Det dukkar opp mange fantasifulle, morosame og til dels burleske bilete i det du skriv, kvar får du desse frå?*

- Eg er fødd med ein livleg fantasi. Eg har ei forestillingsevne som tydelegvis har ein utprega trang til det surrealistiske og absurde. Eg assosierer raskt, og fantasien blir trigga når eg skriv. Eg må bruke den kritiske sansa mi når eg redigerar, for å vurdere kva som fungerer og ikkje.

- *Det dukkar opp mange fantasifulle, morosame og til dels burleske bilete i det du skriv, kvar får du desse frå?*

- Eg er fødd med ein livleg fantasi. Eg har ei forestillingsevne som tydelegvis har ein utprega trang til det surrealistiske og absurde. Eg assosierer raskt, og fantasien blir trigga når eg skriv. Eg må bruke den kritiske sansa mi når eg redigerar, for å vurdere kva som fungerer og ikkje.

NYNORSKFORKJEMPAR

Du skriv nynorsk, kva betyr det for deg, kunne du til dømes like gjerne skrive bokmål?

Det er eit interessant spørsmål, byrjar Øyehaug, medan eg høyrer over telefonen at ho blir engasjert og ein smule provosert.

Du ville aldri stilt dette spørsmålet til ein bokmålsforfattar. Det er naturleg for meg å skrive nynorsk, det

er det eg har lært. Men når eg blir stilt det spørsmålet, blir eg tvungen til å tenkje over det. Slik blir det å skrive nynorsk til ei kampsak, meiner forfatteren.

Ho gjer det klart at det å halde på det nynorske spåket har blitt eit viktig prinsipp for henne. Det provoserer henne at ein som nynorsk forfattar møter stengde dører.

Det blir spøka med at ei nynorsk bok må ha fått ein pris før ho får sleppe til i ein bokklubb, held Øyehaug fram.

ØNSKJER PAUSE

Akkurat det har derimot ikkje blitt noko problem for denne forfatteren. Romanen hennar blei hovudbok i to av landets bokklubbar allereie før prisa og nominasjonane byrja å dukke opp. Nyleg blei romanen kåra til årets beste bok i avisa Morgenbladet. "Vente, blinke" har vidare fått ei rekkje nominasjonar: mellom anna til Brageprisen, Ungdommens kritikkpris, P2-lyttarane sin romanpris og Bokhandlarprisen.

- Eg har fått overveldande gode kritikkar. Det har vore fantastisk, samstundes som det er vanskeleg å forstå og forhalde seg til, kommenterer Øyehaug

Den etterkvart så suksessrike forfatteren greier verken svare nøyaktig på når ho byrja å skrive eller på kva som blir det neste prosjektet hennar. Foreldra i Ørsta får ein stor del av æra for lese- og skriveglede, som iallfall starta svært tidleg i livet.

Etter ein hektisk haust, ønskjer forfatteren seg mest av alt ei pause no. Truleg blir det fødsel og mjølkespreng før det kjem noka ny bok frå hennar hand.

RV 13 – DIKTARVEGEN

FRÅ JÆREN, GJENNOM RYFYLKE, HARDANGER OG VOSS, TIL SOGN OG SUNNFJORD

A B C D E F G H I J K L M N O P Q R S T U V W X Y Z A Ø Å

STAMVEG, DIKTARVEG OG TURISTVEG – TRE SIDER AV SAME SAK

KONFERANSE I ULVIK 15. – 16.4. 2009

Onsdag 15. april

09.30

Velkomen til Ulvik, v/ Mona Hellesnes, ordfører i Ulvik herad

09.40

Opning v/Solfrid Borge, leiar i Hardangerrådet

09.50

Næringsanalyse for kommunane langs RV 13 – Fjordvegen v/Knut Vareide, forskar ved Telemarkforskning

10.20 PAUSE

10.50

Ny distrikts- og regionalmelding 2009. RV 13 som verktøy for ein aktiv distrikts- og regionalpolitikk i området v/kommunal- og regionalminister Magnhild Melveit Kleppa

11.30 DEBATT

Panel: Statsråd Magnhild Melveit Kleppa; strategi- og næringsdirektør i Hordaland fylke Jan Per Styve; ordfører i Ulvik herad Mona Hellesnes

12.15 LUNSJ

13.15

Nasjonal transportplan 2010 – 2019. Stamveg, diktarveg og turistveg - tre sider av same sak v/ samferdsleminister Liv Signe Navarsete

14.00

RV 13 – fylkeskommunen - ein regional aktør for sentrale strok, eller.....

- Tom Tvedt, fylkesordfører Rogaland
- Torill Selsvold Nyborg, fylkesordfører Hordaland
- Nils R. Sandal, fylkesordfører Sogn og Fjordane

14.45 DEBATT

Fylkesordfører Tom Tvedt; fylkesordfører Nils R. Sandal; direktør v/Kvikne hotell Sigurd Kvikne; fylkeutvalsmedlem i Rogaland Ola O. Ingvalstad; ordfører i Ullensvang herad Solfrid Borge

15.30 PAUSE

15.50

Kinderegget Fjordvegen – tre ting på ein gong! v/Roald Bergsaker, prosjektleiar for IS Fjordvegen og leiar av rådet for Nasjonalt Garborgsenter

16.20

Kultur som grunnmur for reiselivsnæringa? v/ Anne Grethe Bakke, dagleg leiar Destinasjon Voss

16.50 DEBATT

Leiar for kulturutvalet i Hordaland Helge Andre Njåstad; dagleg leiar Destinasjon Voss Anne Grethe Bakke; kommunikasjonsdirektør i Sparebanken Vest Jørn Lekve; dagleg leiar i Rasmus Lølandstiftinga Marny Skeie Henkel

17.30 SLUTT

18.30 BUSS TIL HARDANGER SAFT OG SIDERFABRIKK I ULVIK MED SMAKSPRØVAR OG KULTURINNSLAG

20.30 MIDDAG MED KULTURINNSLAG

Kåseri v/ forfattar Lars Ove Seljestad: "Den byrge epleharden"

Torsdag 16. april

09.00

"Diktarvegen" – endå eit pr-stunt, eller kan prosjektet vera med på å gje kommunane tru på eigen kultur og identitet? v/ Per Selle, professor ved Institutt for samanliknande politikk, UiB

09.40

Kultur med høg kvalitet - viktige tilleggspolevingar langs turistattraksjonen Nasjonale turistvegar, v/ Helge Stikbakke, delprosjektleiar Nasjonale turistvegar

10.10 PAUSE

10.25

Bibliotek og museum – nye møteplassar for dei reisande? v/Anne Hustad, leiar i Norsk Bibliotekforening

10.50

Diktarvegen: ikkje berre dikt, men også vegen til lokalsamfunnsutvikling? v/ Håvard Teigen, professor ved Høgskulen på Lillehammer

11.20 PAUSE

11.30 DEBATT

Leiar i Norsk Bibliotekforening Anne Hustad; prosjektleiar Nynorske Litteraturdagar Arve Tokvam; direktør i Norsk Vasskraft og Industristadmuseum Randi Bårtevat; professor ved Høgskulen på Lillehammer Håvard Teigen; professor ved UiB Per Selle

12.15

Diktarveg eller kunstnarveg – bør prosjektet utvidast? Samtale med fem aktive kulturarbeidarar: Forfattar Edmund Austigard; journalist Jan Zahl, Stavanger Aftenblad; muskar Annelaug Børshheim; dagleg leiar i Jakob Sande-selskapet Margrete Reiser; Else Marie Sandal, Litteratursymposiet i Odda

13.00 OPPSUMMERING

Vegen vidare – ei oppsummering v/Torbjørn Austrud, kommunalsjef for tekniske tenester i Voss kommune

13.30 LUNSJ

Stad: Rica Brakanes Hotell

Konferanseavgift (utan overnatting), lunsj begge dagar og middag onsdag 15.04 kr 2.100

Overnatting på Rica Brakanes Hotell kr 1.100,- (15. – 16. april)

Overnatting 2 netter, inkludert middag tysdag 14. april kr 2.400,-

Ved avmelding mindre enn ei veke før konferansen blir det fakturert full pris.

Påmelding:

seminar@norsk-plan.no
Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81

Frist for påmelding 1. mars

Arrangør:

IS Fjordvegen, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK), Nasjonalt Garborgsenter, Lølandstiftinga, Haugestiftinga, Jakob Sande-selskapet og Sivillaget; i samarbeid med Sparebank Vest, Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Meir informasjon:

www.fjordvegen.no
www.LNK.no

ABC
Startsida[®]
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start
på internett
www.startsida.no

Prøysenprisar til Dagsland, Birkedal og Bringsværd

Songaren, musikaren og komponisten Sigvart Dagsland er tildelt Prøysenprisen 2008, medan forfattaren, gjendiktaren og låtskrivaren Arnt Birkedal kan gle seg over Teskjekjerringprisen.

Tor Åge Bringsværd er heidra med Alf Prøysens Ærespris. Sigvart Dagsland har gjeve ut 14 soloalbum og har vore nominert til Spellemannprisen tre gonger i popklassen. Han vann i 1990 Spellemannprisen for albumet «Alt



Arnt Birkedal fekk Teskjekjerringprisen 2008 (Foto: Astrid Eidhammer Hjelme-land)

eg såg». Fire år seinare fekk han NOPA-prisen Årets verk for «Stup». Arnt Birkedal har vore forfattar i 25 år og skrive om lag like mange bøker.

Han debuterte med diktsamlinga «Balladen om hålet i døra» i 1983. Seinare har det blitt fleire dikt, songar, barnebøker, ungdomsbøker og gjendiktingar. Som låtskrivar har han mellom anna skrive tekstar for gruppa «Vamp». Han er tidlegare heidra med Rasmus Løland-stipendet 2008, Samlagsprisen 2007 og kunstnarstipendet til Sparebanken Vest 2007.

Forfattaren og dramatikaren Tor Åge Bringsværd debuterte i 1967 og har skrive ei lang rekkje bøker innan ulike sjangrar. Produksjonen hans omfatar både romanar, noveller, sakprosa, biletbøker, skodespel og gjendiktingar. Han har sjølv kalla skjønnlitteraturen sin for fabelprosa som er ei blanding av science fiction og fantastiske forteljingar.

Bringsværd er tidlegare heidra med ei lang rekkje prisar. Mellom anna har han sju gonger tidlegare fått Kultur- og kyrkjedepartementet sin pris for beste bok i ulike sjangrar.

Dei tre Prøysenprisane blir delte ut for framifrå innsats innan musikk, visekunst eller diktning. Det er Foreningen for tekstforfattere og tekstforfattere (NOPA) og bokhandlarkjeda Libris står bak utdelinga av prisane. Kvar av prisane er på 25.000 kroner. (NPK)

Ny biografi om Hulda Garborg

Med arbeidstitelen «Hulda Garborg – nasjonal strateg» skriv Aftenposten-journalist og historikar Arnhild Skre ein ny biografi om Hulda Garborg. Boka skal vere ferdig til Hulda Garborg sin 150-årsdag i 2012.

Hulda Garborg hadde ein framstående plass blant dei som har skapt biletet vårt av Noreg, heiter det i ei pressemelding frå Det Norske Samlaget.

Det var ho som starta arbeidet med bunaden, folkeviseleiken, norsk matstell og mykje meir som ein i dag reknar som sentrale sider ved norsk identitet.

I tillegg var Hulda Garborg sentral i danninga av Det Norske Teatret. (NPK)

B-BLAD

Returadresse:

Vatlandsvåg - 4235 Hebnes



Vent

Klar ventande kveld

Denne natta ville

fyrste frosten kome

Vi sat under lauvfallstrea

som kranza den store kyrkja

Lyset frå lyktene trekte ned


gjennom det gule lauvet

slik honning søkk i varm mjølk

Ein annan stad sov mjuke born

med opne hender opne munnar

Henta frå Hilde Myklebust si diktsamling Søkk



Ein god gjest gjer husbonden glad

Ivar Aasen

Ivar Aasen
Norske Ordsprog, 1881



Møteplassen i Oslo

Skal du til Oslo, treff du kjentfolk på Bondeheimen og Kaffistova. Alle tilsette i LNK-kommunane (privat- og tenestereiser) bur på eigne, gode prisar heile året.

Enkeltrom 970,-
Dobbelrom 1110,-

Gratis breiband, nyoppussa, høg komfort og standard, norsk tradisjonsmat og uførmell atmosfære for alt slags folk! Nær Karl Johan og regjeringskvartalet og alt Oslo har å by på!

Best Western

Hotell Bondeheimen® & Kaffistova®



Rosenkrantz'gate 8, 0159 Oslo ~ Tlf: +47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com ~ www.bondeheimen.com